

# **Strategi- og handlingsplan for forskning, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling for Helse Møre og Romsdal HF (FIUK-PLAN)**

**Planperiode 2018-2022**



# FØREORD

---

Arbeidet med strategi- og handlingsplanen for forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling (FIUK-planen) for Helse Møre og Romsdal HF har involvert mange bidragsytarar. Kvar av klinikkane, kommunesektoren, brukarane, tillitsvalde, stabsavdelingane og utdanningssektoren – totalt over 50 fagpersonar med ulik ståstad og ulik kompetansebakgrunn – har kome med verdfulle innspel og også peika på utfordringar som ligg føre oss i åra som kjem.

Planen er eit «levande dokument» som skal brukast, og som skal evaluerast kvart år. Resultata og utfordringane skal omtalast i ei årleg FIUK-melding.

Vi rettar ei stor takk til alle som har delteke i det som må omtalast som eit stort banebrytande dognadsarbeid. Ikkje før i historia til Helse Møre og Romsdal har det vore laga ein slik plan med så mange deltakarar frå ulike sektorar og nivå.

Ei spesiell takk går til gruppeleiarane og gruppa av medarbeidarar som var med å sy saman planen som no ligg føre. Også ei stor takk til Trond-Are Johnsen, ein av føretaket sine fagbibliotekarar, som har kvalitetssikra referansar og hjelpt til med korrekturlesing.

---

Jo- Åsmund Lund, fagdirektør og leiar fagavdelinga i Helse Møre og Romsdal<sup>1</sup>

---

Ragnhild Remøy, HR-direktør og leiar HR-avdelinga i Helse Møre og Romsdal

---

Berit Kvalsvik Teige, forskingssjef/seksjonsleiar (FIUK), fagavdelinga i Helse Møre og Romsdal

---

<sup>1</sup> Signaturar kjem i sluttpunktet etter høyringa.

# **INNHOLD**

---

|   |           |
|---|-----------|
| <b>INNHOLD.....</b>                             | <b>3</b>  |
| <b>SAMANDRAG OG OPPBYGGING .....</b>            | <b>5</b>  |
| Overordna mål for forsking.....                 | 6         |
| Overordna mål for innovasjon .....              | 6         |
| Overordna mål for utdanning.....                | 6         |
| Overordna mål for kompetanse .....              | 6         |
| Sluttord.....                                   | 6         |
| <b>MANDAT OG ORGANISERING AV ARBEIDET .....</b> | <b>7</b>  |
| Overordna mandat for planarbeidet.....          | 7         |
| Tilleggsmandat .....                            | 8         |
| Særskilt diskusjon av tilleggsmandatet .....    | 8         |
| To punkt i mandatet må utsetjast .....          | 9         |
| Organisatorisk ankring .....                    | 10        |
| Sekretariatet.....                              | 10        |
| Datainnsamling og metode .....                  | 10        |
| Samarbeid med ulike interessentar .....         | 11        |
| Definisjonar brukti FIUK-planen .....           | 11        |
| Organisasjonskart.....                          | 12        |
| <b>DEL I FRAMOVER .....</b>                     | <b>13</b> |
| <b>STRATEGI OG TILTAK .....</b>                 | <b>14</b> |
| Innleiande ord .....                            | 14        |
| Definisjon forsking.....                        | 15        |
| Kort om forsking.....                           | 16        |
| Overordna mål for forsking.....                 | 16        |
| Definisjon Innovasjon .....                     | 20        |
| Kort om innovasjon: .....                       | 21        |
| Overordna mål for innovasjon .....              | 21        |
| Definisjon Utdanning.....                       | 25        |
| Kort om utdanning .....                         | 26        |
| Overordna mål for utdanning.....                | 26        |
| Definisjon Kompetanse .....                     | 28        |

|   |           |
|---|-----------|
| Kort om kompetanse .....                      | 29        |
| Overordna mål for kompetanse .....            | 29        |
| <b>SAMHANDLING EKSTERNT .....</b>             | <b>33</b> |
| Samhandling med utdanningssektoren.....       | 33        |
| Samhandling med brukarane .....               | 34        |
| <b>DEL II BAKTEPPE ANALYSEGRUNNLAG .....</b>  | <b>36</b> |
| <b>VIDARE .....</b>                           | <b>36</b> |
| <b>BAKTEPPE. ANALYSEGRUNNLAG. VIDARE.....</b> | <b>37</b> |
| Bakteppe .....                                | 37        |
| Nok helsepersonell med rett kompetanse .....  | 38        |
| NO-situasjonen forsking og innovasjon.....    | 40        |
| Forsking i eit samhandlingsperspektiv .....   | 41        |
| Status innovasjon .....                       | 42        |
| Innovasjon i eit samhandlingsperspektiv ..... | 42        |
| No-situasjonen utdanning og kompetanse .....  | 43        |
| Status utdanning .....                        | 43        |
| Utdanning i eit samhandlingsperspektiv.....   | 43        |
| Status kompetanse .....                       | 44        |
| Kompetanse i eit samhandlingsperspektiv.....  | 46        |
| Vidare .....                                  | 46        |
| <b>DEL III HANDLINGSPLANAR .....</b>          | <b>49</b> |
| <b>HANDLINGSPLAN FORSKING .....</b>           | <b>50</b> |
| <b>HANDLINGSPLAN INNOVASJON .....</b>         | <b>53</b> |
| <b>HANDLINGSPLAN UTDANNING .....</b>          | <b>56</b> |
| <b>HANDLINGSPLAN KOMPETANSE .....</b>         | <b>59</b> |

# SAMANDRAG OG OPPBYGGING

---

Helse Møre og Romsdal HF (HMR) sin strategi- og handlingsplan på områda forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling (FIUK-planen) skal klargjere retning og innhald i føretaket sitt arbeid på føretaksnivå, og i eit samhandlingsperspektiv. Arbeidet er ei vidareføring og lokal tilpassing av Helse Midt-Norge RHF (HMN) sine strategiplanar for forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling<sup>2</sup>. Eit sentralt mål i FIUK-planarbeidet er å sjå dei fire strategiområda i samanheng. Bidraga til FIUK-planen er også ankra i nyare forsking og sentrale bidrag som HelseOmsorg21<sup>3</sup>, Strategi 2030 Helse Midt-Norge<sup>4</sup>, Oppdragsdokument 2017 Helse Midt-Norge RHF<sup>5</sup> (2017), Husebekkutvalget si innstilling<sup>6</sup> og Nasjonal helse- og sykehusplan (2016-2019)<sup>7</sup>.

Fokus på helse og omsorg står sterkt i den norske velferdsmodellen. Vi snakker her om livet. Livsgleda. Tryggleik. Omsorg. Kvalitet. Døden. Det å legge til rette for pasienten si framtidige helse- og omsorgsteneste.

Sjølv om det ofte viser seg vanskeleg å spå inn i framtida, er det nokre utviklingstrekk ein vil måtte ta spesielle omsyn til når ein skal greie ut - og leggje til rette for - framtidas helse- og omsorgstenester. Her er det fleire trekk ein er rimeleg sikre på: Eldrebølgja er allereie i gang; Fleire vil få multiple diagnosar; Det blir knappheit på arbeidskraft; Det vil bli lågare inntekter fra olje- og gassnæringa og dermed press på eksisterande velferdsmodell; Det vil bli meir fokus på å jobbe smartare og meir effektivt gjennom innovative nyvinningar som digitale plattformer, kunstig intelligens, meir fokus på statistikk og kvalitetsindikatorar; Det blir sterkare fokus på samarbeid og deling av kompetanse og kunnskap; Det vil bli mykje sterkare fokus på forsking og det å jobbe kunnskapsmedvite.

FIUK-planen, som no ligg føre og skal ut på høyring, har prøvd å veve inn framtidas utfordringar i arbeidet. Resultatet har materialisert seg i fire strategiplanar med definerte handlingsplanar (DEL I). Fire overordna målsetjingar inndeiar dei fire arbeidsgruppene sine respektive arbeid:

---

<sup>2</sup>Strategi for utdanning og kompetanseutvikling i Helse Midt-Norge (2015-2020) – og som også har fått utvikla eigen handlingsplan – vart vedteken i styret i Helse Midt-Norge hausten 2015. Strategi for forsking i Helse Midt-Norge (2016-2020) og Strategi for innovasjon i Helse Midt-Norge (2016-2020) vart styrehandsama hausten 2016. Dei to sistnemnde planane har ikkje eigne handlingsplanar. Alle planane finst elektronisk.

<sup>3</sup> Helse Omsorg21 (2014) HelseOmsorg 21: Et kunnskapssystem for bedre folkehelse. Tilgjengeleg:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/8ab2fd5c4c7746dfb51e3f64cd4d71aa/helseomsorg21\\_strategi\\_web.pdf?id=2266705](https://www.regjeringen.no/contentassets/8ab2fd5c4c7746dfb51e3f64cd4d71aa/helseomsorg21_strategi_web.pdf?id=2266705)

<sup>4</sup> Strategi 2030. Helse Midt-Norge. 2016. Tilgjengeleg: <https://helse-midt.no/strategi-2030>

<sup>5</sup> Oppdragsdokument 2017 for Helse Midt-Norge. Helse- og omsorgsdepartementet 2017Tilgjengeleg:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/hod/oppdragsdokument/2017/oppdragsdokument\\_helse\\_midtnorge\\_rhf\\_2017.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/hod/oppdragsdokument/2017/oppdragsdokument_helse_midtnorge_rhf_2017.pdf)

<sup>6</sup> Sjå mellom anna: Oppfølging av rapporten fra den nasjonale arbeidsgruppen for samordning mellom universitet og helseforetak «Husebekkutvalget». Samarbeidsorganet for Helse Sør - Øst RHF og Universitetet i Oslo.2017.

<https://www.uio.no/om/samarbeid/samfunn-og-naringsliv/shhu/moter/Innkallinger/2017/030317/sak-4-2017-oppfoging-husebekkutvalget.pdf>

<sup>7</sup> Meld. St. 11 (2015-2016) Nasjonal helse- og sykehusplan. Tilgjengeleg:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/7b6ad7e0ef1a403d9795bcb34478609/no/pdfs/stm201520160011000dddpdfs.pdf>

## **Overordna mål for forsking**

Forskinga i Helse Møre og Romsdal HF skal vere internasjonalt konkurransedyktig, og styrke klinisk praksis og pasientbehandling.

## **Overordna mål for innovasjon**

Innovasjonsprosjekt i Helse Møre og Romsdal HF skal styrke spesialisthelsetenesta, også i eit breitt samhandlingsperspektiv, og gje positive konsekvensar for pasientbehandling.

Kontinuerlig forbetring og innovasjon skal vere ein integrert del av kvardagen og kulturen i føretaket.

## **Overordna mål for utdanning**

Klinikksjefane skal til ei kvar tid ha oversikt over eininga sin kompetanse og kapasitet. Basert på dette skal dei sette i verk tiltak som gjer at dei har nødvendig føresetnadene for å sikre pasientbehandlinga. Utdanningsbehovet på kort og lang sikt skal være dokumentert, med utgangspunkt i systematiske analyser. HMR sine tilsette skal ha relevant kompetanse som er tilpassa føretaket sine mål og strategiar. HMR skal bidra til at utdanningane er i tråd med tenestene og befolkninga sine behov. I tillegg skal ein samarbeide med kommunane og utdanningssektoren om utdanning av framtidas helsepersonell. Arbeidet med utdanning skal involvere pasient- og brukarperspektivet.

## **Overordna mål for kompetanse**

Forvalte og utvikle kompetansen til dei som skal yte spesialisthelsetenester i den hensikt å møte innbyggjarane sine behov og forventningar til kvalitet no og i framtida. Utvikle pasienten si helseteneste gjennom å ta i bruk pasient og pårørande sin kompetanse og erfaring i utvikling av tenestane. Samhandling mellom spesialisthelseteneste og kommunar om kompetanseutvikling når det gjeld kronisk sjuke og multisjukie.

I Del II set vi fokus på analysegrunnlaget og korleis ein kan ta planarbeidet vidare.

Del III gir ei samla oversikt over handlingsplanane som er lagt til grunn i FIUK-planen.

## **Sluttord**

Skal ein greie å realisere strategiane og handlingsplanane som no ligg føre, fordrar dette tett og godt samarbeid mellom alle partane som har teke del i planarbeidet. Det fordrar også at leiinga i Helse Møre og Romsdal ser viktigheita av å satse på sine tilsette – og dei ein skal rekruttere inn i spesialisthelsetenesta si framtid. For det er menneska i organisasjonen og kompetansen og innsatsviljen til desse, som skal bære føretaket inn i framtida. For å nå dette målet skal ein jobbe spesielt tett med pasientane og pårørande.

# MANDAT OG ORGANISERING AV ARBEIDET

---

Leinga i HMR tok våren 2017 initiativ til at det skulle setjast i gong eit arbeid for å utvikle ein eigen strategi- og handlingsplan for forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling for føretaket.

## Overordna mandat for planarbeidet

1. Det skal etablerast ein prosjektorganisasjon for planarbeidet med klart definert ansvar og med ein realistisk framdriftsplan.
2. Det skal etablerast fire arbeidsgrupper som kvar får ansvaret for delplanar som skal ende opp i ein samla strategi- og handlingsplan for forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling for HMR.
3. Strategien med handlingsplanar skal være vegvisar for utvikling av kvalitativt gode helsetenester for befolkninga i regionen.
4. Planarbeidet skal angi prioriteringar og satsingsområde for dei fire områda forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling i HMR.
5. Strategien med handlingsplanar skal bygge på nasjonale, regionale og lokale planar og strategiar.
6. I arbeidet med den samla strategi- og handlingsplanen skal ein sjå spesielt på korleis stabsavdelinga kan støtta klinikane med å organisere og byggje opp forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling samt simulering på ein god måte (del av OU-prosjektet). Vi foreslår å leggje simulering til arbeidsgruppa for innovasjon. Strategi- og handlingsplanen skal angi retning på rekruttering, det å halde på – og utvikle arbeidskrafta i føretaket – og då medrekna den nye LIS-legeutdanninga/spesialsjukepleieutdanninga (hausten 2017).
7. Den samla strategi- og handlingsplanen skal gi råd om utvalsstrukturen i framtida – eksempelvis om ein skal fortsetje med Forskningsutvalet eller om ein skal tenkje ny modell der fokus kan være å sjå forsking, innovasjon og utdanning og kompetanse i eit felles perspektiv
  - a. I mandatet ligg det at fagdirektøren og HR-direktøren kan fremje forslag om leiing og deltaking i eit eventuelt nytt utval.
8. Fagdirektøren/HR-direktøren kan gi råd om kven som bør være høyringsinstansar for planarbeidet, kven som skal leie dei fire arbeidsgruppene, framdrifta for arbeidet og når planarbeidet skal fremjast for styret i Helse Møre og Romsdal.

Grunna omorganiseringa som gikk føre seg i HMR våren 2017 (OU-prosjektet) gikk det lang tid før ein fekk på plass medlemmar til dei einskilde arbeidsgruppene. I realitet var arbeidsgruppene ikkje fullt operative før medio august 2017.

## Tilleggsmandat

Etter at FIUK-mandatet var gitt, vart det bestemt av leiarargruppa (juni d.å) at FIUK-planen skulle gå inn som delplan i det pågående arbeidet med utforminga av den faglege Utviklingsplanen for føretaket. I denne samanheng fekk dei fire arbeidsgruppene tildelt eit ekstra mandat frå leiinga i HMR med slikt innhald: «*Eit sentralt punkt som leiargruppa ønsker å fokusere i FIUK-planen er temaet nok helsepersonell med rett kompetanse i eit samhandlingsperspektiv. For å ivareta samhandlingsperspektivet i planen skal ein mellom anna ankre arbeidet i Samhandlingsavtalen, spesielt delavtale 6 og 7. Arbeidsgruppene skal spesielt fokusere på dei fire strategiske satsingsområda som er definert i mandatet til Utviklingsplanen: barn/unge, rus/psykiatri, akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus og kompetanse /nok helsepersonell med rett kompetanse».*

## Særskilt diskusjon av tilleggsmandatet

Arbeidsgruppene har valt å ikkje fokusere på punkta barn/unge, rus/psykiatri og akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus då det i samband med arbeidet med Utviklingsplanen for HMR var sett ned eigne arbeidsgrupper på desse områda.

Når det gjeld temaet *nok helsepersonell med rett kompetanse* i eit samhandlingsperspektiv tolkar arbeidsgruppene dette oppdraget til å gjelde samhandling internt i føretaket og eksternt i høve sentrale samarbeidspartar som kommunesektoren, utdanningssektoren, privat sektor, fylkeskommunen, andre helseføretak, Helse Midt-Norge RHF, ulike forskingsmiljø, politiske miljø, brukarorganisasjonar, tillitsvalde og eksterne forskarmiljø i inn og utland. I dette ligg det ei forståing at temaet må sjåast både i eit makro- og mikro-perspektiv. Temaet er ein sentral del av den internasjonale, nasjonale, regionale og lokale diskursen<sup>8</sup>.

Temaet nok helsepersonell med rett kompetanse har vi valt å diskutere nærmare i Del II av planen (sjå s. 33). Dette fordi ulike framskrivningar viser at det til dels er - og kjem til å bli - mangel på nok helsepersonell med rett kompetanse både i spesialisthelsetenesta og i kommunesektoren/privat sektor. Dette tilhøvet vil stille krav til planleggarar og leiarar på ulike nivå i framtidas helse- og omsorgssektor.

Sett utfordringsbiletet med mangel på nok kompetanse til framtidas helsesektor blir det særdeles viktig for HMR å samarbeide om korleis ein kan tiltrekke seg, behalde, forvalte og dele kompetansen på ein best mogleg måte og då i eit utvida samhandlingsperspektiv. I dette ligg det at ein må samarbeide både internt i føretaket og i HMN, og eksternt med sentrale aktørar som universitets- og høgskolesektoren, kommunesektoren, fylkeskommunen, privat sektor, politikarar, brukarar, tillitsvalde mfl. i spørsmål som vedkjem rekrutterings- og kompetansestrategiar på ein framtdsretta og berekraftig måte. HMN sin Strategi 2030 framhevar også - at utfordringsbiletet med å legge til rette for ei brukarstyrt

<sup>8</sup> Helsedirektoratet (2014) *Personell- og kompetansesituasjonen i helse- og omsorgstjenestene*. Tilgjengeleg: <https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/915/Nasjonalt-personellbilde-personell-og-kompetansesituasjonen-i-helse-og-omsorgstjenestene-IS-2248.pdf>

helseteneste for framtida fordrar heilskapstenking og samarbeid<sup>9</sup>. Det er dette bakteppet som har vore ei sentral leiestjerne for arbeidet med FIUK-planen.

## To punkt i mandatet må utsetjast

Arbeidsgruppene fekk seg også førelagt to andre oppgåver i det overordna mandatet – jf. pkt. 6. og 7. over som seier:

- «*I arbeidet med den samla strategi- og handlingsplanen skal ein sjå spesielt på korleis stabsavdelinga kan støtta klinikkane med å organisere og byggje opp forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling samt simulering på ein god måte (del av OU-prosjektet). Vi foreslår å legge simulering til arbeidsgruppa for innovasjon. Strategi- og handlingsplanen skal angi retning på rekruttering, det å halde på – og utvikle arbeidskrafta i føretaket – og då medrekna den nye LIS-legeutdanninga/spesialsjukepleieutdanninga (hausten 2017).*- *Den samla strategi- og handlingsplanen skal gi råd om utvalsstrukturen i framtida – eksempelvis om ein skal fortsetje med Forskningsutvalet eller om ein skal tenke ny modell der fokus kan være å sjå forsking, innovasjon og utdanning og kompetanse i eit felles perspektiv.*
  - *I mandatet ligg det at fagdirektøren og HR-direktøren kan fremje forslag om leiing og deltaking i eit eventuelt nytt utval».*

Arbeidsgruppene har funne at dei to mandatpunktene er såpass omfattande at dei foreslår at det blir sett ned ei eiga arbeidsgruppe i etterkant av styrehandsaminga av FIUK-planen i februar 2018 – og då med mandat å utgreie dei to punkta nærmare. Nokre av grunngjevingane for anbefalinga er at problemstillingane vil krevje aktiv involvering frå klinikkleiinga, stabsavdelingane, tillitsvalde og brukarar. Problemstillingane vil også krevje diskusjon om bruken av eksisterande ressursar og ikkje minst korleis ein eventuelt skal fordele om/tilføre nye ressursar.

I spørsmålet om forslag til ny utvalsstruktur viser arbeidsgruppene til at ein sentral del av FIUK-arbeidet har vore å sjå dei fire områda forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling i samanheng. Per dato har ein eige Forskningsutval i føretaket. Utvalet, som er rådgivande organ for direktøren på området medisinsk- og helsefagleg forsking, har eigne retningsliner å halde seg til. Det er ikkje eigne utval som tek føre seg spørsmål og problemstillingar knytt til innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling i føretaket – noko som blir sett som på ei svakheit. Det vert også vist til at HMR er medlem i eit lokalt Samarbeidsutval for helse- og omsorgssektoren i Møre og Romsdal. Det er under utarbeiding nye retningsliner for både dei regionale og lokale Samarbeidsorgana, og disse vil bli handsama i styret for Helse Midt-Norge RHF i løpet av hausten 2017. Til samanlikning har Helse Midt-Norge etablert ny utvalsstruktur som tok til å gjelde 1. januar 2017. Den nye

---

<sup>9</sup> Haga, Daniel (ukjent dato) Foredrag med tittel Strategi 2030. Behovet for samhandling i møte med nye utfordringar. Presentasjon på Samarbeidsorganmøte forsking og innovasjon, våren 2016. Trondheim.

strukturen består av eit overordna Samarbeidsorgan (SO) og to underutval:

Samarbeidsutvalg for forsking og innovasjon og Samarbeidsutvalg for utdanning.

Grunna kort tidsfrist for FIUK-arbeidet har arbeidsgruppene bedt om at oppdraget med ny utvalsstruktur blir utsett og at problemstillinga blir del av eit mandat til ei eventuell arbeidsgruppe som skal sjå på implementering/organisering av FIUK i klinikke (sjå over).

## Organisatorisk ankring

Arbeidet med FIUK-planen har vore ankra hos fagdirektør Jo-Åsmund Lund, fagavdelinga og HR-direktør Ragnhild Remøy, HR-avdelinga. Styringsgruppe har vore same som styringsgruppa for den faglege Utviklingsplanen. FIUK-planarbeidet har også vore diskutert i koordineringsgruppa til Utviklingsplanen. Forskingssjefen har leia eit eige sekretariat for FIUK-planen. Vedkomande er og den som har hatt overordna ansvar for dei skriftelege bidraga til Utviklingsplanen og samanfatninga av FIUK-planen.

Kvart av områda forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling har hatt eigne leiarar. Desse er høvesvis overlege Solveig Roth Hoff; Innovasjonsrådgjevar Christer Jensen; Helsefagleg rådgjevar Marit Kjersem og opplæringsleiar Bodil Marit Haugen Våge. Kvar av gruppene har hatt nestleiarar, og to av desse representerer HR-avdelinga. Alle gruppene har hatt representasjon frå kvar av klinikke og frå kommunesektoren. UH-sektoren og Fylkeskommunen (utdanningssektoren) har vore med på ein eigen høyringsdag (3. oktober 2017). Vidare har brukarutvalet og representantar for tillitsvalde hatt fast representasjon i sekretariatet/arbeidsgruppene.

## Sekretariatet

| Namn                                   | Tittel   | Institusjon                   |
|--|--|-------------------------------|
| <b>Leiar:<br/>Berit Kvalsvik Teige</b> | Ph.d/Forskingssjef/ seksjons-leiar<br>forskning, innovasjon, utdanning og<br>kompetanse samt dei medisinske<br>fagbiblioteka i HMR | Fagavdelinga                  |
| <b>Therese M. Istad</b>                | Rådgjevar, koordinator<br>forskningsadministrasjonen   | Fagavdelinga                  |
| <b>Guro Berge</b>                      | Ph.d/forskningsrådgjevar HMR/<br>Postdoktor NTNU   | Fagavdelinga                  |
| <b>Tina Slettestøl</b>                 | Rådgjevar  | HR-avdelinga                  |
| <b>Daniel Ask</b>                      | Brukarrepresentant   | Brukarorganisasjonane         |
| <b>Anette Lekve</b>                    | Føretakstillitsvald  | Norsk Sykepleierforbund (NSF) |

## Datainnsamling og metode

Bidraga til FIUK-planen er ankra i nyare forsking, nasjonale styringsdokument, regionale strategiplanar for forsking, innovasjon, utdanning/kompetanseutvikling, Helse-Midt-Norge Strategi 2030, årlege oppdrag frå HOD (Helse- og omsorgsdepartementet). Ein har også lagt til grunn andre sentrale dokument som HelseOmsorg21<sup>10</sup>, Strategi 2030 Helse Midt-Norge<sup>11</sup>,

<sup>10</sup> Helse Omsorg21 (2014) HelseOmsorg 21: Et kunnskapssystem for bedre folkehelse. Tilgjengeleg:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/8ab2fd5c4c7746dfb51e3f64cd4d71aa/helseomsorg21\\_strategi\\_web.pdf?id=2266705](https://www.regjeringen.no/contentassets/8ab2fd5c4c7746dfb51e3f64cd4d71aa/helseomsorg21_strategi_web.pdf?id=2266705)

Oppdragsdokument 2017 Helse Midt-Norge RHF<sup>12</sup> 2017, Husebekkutvalget si innstilling<sup>13</sup> (2016) og Nasjonal helse- og sykehusplan (2016-2019)<sup>14</sup>.

I planarbeidet har vi også lagt til grunn eit omfattande utval av Stortingsmeldingar, NOU-ar, proposisjonar og forskingsbidrag. I den grad det har vore mogleg å hente ut naudsynlege tal/statistikkar har ein nytta kjelder frå Statistisk sentralbyrå, HR-kuben mfl. I teksta og forslaga til innhald i Utviklingsplanen og FIUK-planen har ein også hausta «data» ved å lytte til opplevingar deltakarane i arbeidsgruppene i deira daglege verke.

## Samarbeid med ulike interessentar

Sekretariatet for FIUK-planen og sekretariatet for den faglege Utviklingsplanen har hatt tett og fortløpende samarbeid, Vidare har det vore tett dialog mellom FIUK-sekretariatet og gruppeleiarane for FIUK-planen. Fagdirektør og HR-avdelinga har vore tilgjengelege som «ballspelarar», og dei har i den grad det har vore praktisk mogleg, delteke på arbeidsmøter.

Brukarrepresentant Daniel Ask, føretakstillitsveld Anette Lekve (NSF) og Ingeborg Henriksen, Den norske legeforening (kompetansegruppa), har gitt nyttige innspel gjennom heile arbeidsprosessen.

## Definisjonar bruk i FIUK-planen

Her viser vi til at kvar av arbeidsgruppene definer sine respektive ansvarsområde.

---

<sup>11</sup> Strategi 2030. Helse Midt-Norge. 2016. Tilgjengeleg: <https://helse-midt.no/strategi-2030>

<sup>12</sup> Oppdragsdokument 2017 for Helse Midt-Norge. Helse- og omsorgsdepartementet 2017. Tilgjengeleg: [https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/hod/oppdragsdokument/2017/oppdragsdokument\\_helse\\_midt-norge\\_rhf\\_2017.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/hod/oppdragsdokument/2017/oppdragsdokument_helse_midt-norge_rhf_2017.pdf)

<sup>13</sup> Sjå mellom anna: Oppfølging av rapporten fra den nasjonale arbeidsgruppen for samordning mellom universitet og helseforetak «Husebekkutvalget». Samarbeidsorganet for Helse Sør - Øst RHF og Universitetet i Oslo.2017.


<https://www.uio.no/om/samarbeid/samfunn-og-naringsliv/shhu/moter/Innkallinger/2017/030317/sak-4-2017-oppfoging-husebekkutvalget.pdf>

<sup>14</sup> Nasjonal helse- og sykehusplan (2016-2019). Meld. St. 11 (2015-2016). Helse- og omsorgsdepartementet. Tilgjengeleg: <https://www.regjeringen.no/contentassets/7b6ad7e0ef1a403d97958bcb34478609/no/pdfs/stm201520160011000dddpdfs.pdf>

## Organisasjonskart

I dokumentet snakkar vi om stab- og klinikkar i HMR. Vi viser også ofte til fagavdelinga, til HR-avdelinga og til FIUK. Under viser vi eit organisasjonskart over stabsavdelingane og klinikstrukturen i føretaket. Fagavdelinga, som er leia av fagdirektør Jo-Åsmund Lund, består av fire seksjonar inklusive FIUK-seksjonen. FIUK-seksjonen (forsking, innovasjon, utdanning, kompetanseutvikling og medisinske fagbibliotek) er leia av forskingssjefen.

HR-avdelinga, som er leia av HR-direktør Ragnhild Remøy har to seksjonar: seksjon for bedriftshelsetenesta og seksjon for HR drift og rådgiving.



I neste del, DEL I, presenterer vi strategiforsлага frå arbeidsgruppene.

# DEL I

## FRAMOVER

# STRATEGI OG TILTAK

---

## Innleiande ord

Dei fire FIUK-strategiane med handlingsplanar er utarbeidde som sjølvstendige dokument. For alle gruppene har det vore viktig at bidraga skal engasjere leiarskapet og dei tilsette, at dei tilsette får eigarskap og at strategi- og handlingsplanane blir brukt til å samarbeide betre internt og eksternt. Det er eit mål at FIUK-planen kan brukast til å spesielt vidareutvikle samarbeidet med kommunehelsetenesta og utdanningssektoren.

For at tilsette skal engasjere seg og bruke FIUK-planen, er det viktig at dei føler at planen er relatert til «deira føretak» og «deira arbeidsplass». Tre ting bidreg særleg til å auka denne kjensle hos tilsette:

1. Bevisstgjering kring betyding av eigne bidrag.
2. Kunnskap om føretaket, inkludert økonomiske og strategiske rammer og mål.
3. Bevisstgjering kring ansvaret den einskilde har for å skape et godt og levedyktig føretak.

Del-strategiane er utarbeidd kvar for seg, men inneholder fleire fellestrekksom til dømes:

- Det å bygge felles kultur gjennom fokus på transparente fag og kompetanseprosesser.
- Forståing for det faglege utviklingsbehovet som er i stadig endring og skape ein læringskultur gjennom kompetansebygging, kunnskapsutvikling og ta i bruk den til ei kvar tid beste kunnskapen<sup>15</sup>.
- Nytenking og medarbeiderutvikling skal vere ein integrert del av leiaransvaret.
- Ta i bruk større del av brukarane sin kompetanse og erfaring.
- Samhandling internt og ekstern med fokus på pasientane sine behov vil gje gode helsetenester. «Gjennom utvikling av felles kompetanse utvikles felles målforståing og gjensidighet i arbeidet»<sup>16</sup>.

Oppsummert seier alle gruppene at i det vidare arbeidet med FIUK-planen «Vi må gjere kvarandre gode». Dette tek oss over til neste del av planarbeidet der vi presenterer bidraga frå kvar av arbeidsgruppene. Handlingsplanane til dei ulike områda finn ein i Del III av planen.

---

<sup>15</sup>Sackett DL, Rosenberg WM, Gray JA, Haynes RB, Richardson WS. Evidence based medicine: what it is and what it isn't. BMJ 1996; 312:71-2

<sup>16</sup>Ida Holth Mathiesen, Trond Buland, and International Research Institute of Stavanger. *Nettverksledelse for bedre samhandling i offentlig sektor : en studie av Mission Possible-nettverket på Sunnmøre*. Vol. 2017/005. Rapport IRIS. Stavanger: IRIS Samfunnsforskning, 2017.

Tilgjengeleg: <https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2435085/Rapport%2b2017-005%2bMission%2bPossible.pdf?sequence=1&isAllowed=y>



| Namn                         | Institusjon  |
|------------------------------|--|
| Leiar: Solveig Roth Hoff     | Klinikk for diagnostikk  |
| Nestleiar: Katarina Mølsæter | Fagavdelinga   |
| Rune Midgard                 | Klinikk for medisin og rehabilitering                            |
| Lise Reindal                 | Klinikk for kvinner, barn og ungdom                              |
| Eli Otterholt                | Klinikk for psykisk helse og rus                                 |
| Arne Gotteberg               | Sunnmøre Regionråd (SRR) - Søre Sunnmøre, Volda og Ørsta Kommune |
| Finn H. Andersen             | Klinikk for akuttbehandling                                      |
| Erland Hermansen             | Klinikk for kirurgi  |

## Definisjon forsking

I denne strategien har vi valt følgjande definisjonar:

*Medisinsk og helsefagleg forsking: verksemd som vert utført med vitskapleg metodikk for å skaffe til veie ny kunnskap om helse og sjukdom<sup>17</sup>.*

*Helsetenesteforskning er eit fleirfagleg vitskapleg felt kor ein studerar korleis sosiale faktorar, finansieringssystem, organisatoriske strukturar og prosessar, helseteknologi og personalåtferd påverkar tilgangen til helse- og omsorgstenester, kvaliteten og kostnadane ved helse- og omsorgstenester, og endeleg – helse og velvære<sup>18</sup>.*

<sup>17</sup> Lov om medisinsk og helsefaglig forskning (Helseforskningsloven), §4. Tilgjengeleg:

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-20-44/KAPITTEL\\_1#§4](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-20-44/KAPITTEL_1#§4)

<sup>18</sup> NSG 2012: Forslag til nasjonalt satsingsområde. Tilgjengeleg:

[http://helsetenesteforskning.org/wp-content/uploads/2015/06/skrivegruppensforslag\\_nov2012.pdf](http://helsetenesteforskning.org/wp-content/uploads/2015/06/skrivegruppensforslag_nov2012.pdf)

## Kort om forsking

Forsking er eit viktig instrument som kan nyttast målretta for å møte framtidige utfordringar i helsetenesta. Gjennom forskingsaktivitet får dei tilsette både spesiell og generell kompetanse som gir eit godt grunnlag for å kunne ta i bruk ny kunnskap og implementere denne i utgreiing, behandling og oppfølging av pasientar. Denne kompetansen er og avgjerande for korleis vi kan organisere, utvikle og kvalitetssikre helsetenesta vår.

Av Helse Midt-Norge sine satsingsområder er det klinisk relevant og pasientnær forsking, forsking på kvalitet og pasientsikkerhet samt helsetenesteforskning inkludert samhandling, logistikk og tenesteutvikling som er dei mest relevante for HMR.

I den regionale forskingsstrategien er det sett som eit overordna mål at «forskinga i Helse Midt-Norge skal vere internasjonalt konkurransedyktig, og styrke klinisk praksis og pasientbehandling.» For å nå dette målet har ein i den regionale planen mellom anna angitt at forskingsaktiviteten i og rundt alle helseføretak må styrkast gjennom å rekruttere nye forskrarar og auke forskingsproduksjonen.

Vi har difor laga ein strategi- og handlingsplan som fokuserer på korleis vi kan styrke forskingsaktiviteten i Helse Møre og Romsdal og korleis vi kan skape forsking av god kvalitet.

Vi må i komande periode satse både på kvantitet og kvalitet. Vi ynskjer at fleire skal bli aktive i forskingsaktivitetar, samtidig som vi må stimulere til robuste fagmiljø og internasjonalt konkurransedyktige forskingsgrupper.

Vi må og arbeide fram ein sterkare kultur for forsking i helseføretaket. Det er ikkje slik at alle skal drive aktivt med forsking, men alle tilsette må ha kjennskap til den forskinga som skjer i Helse Møre og Romsdal og sjå nytteverdien av den. Forsking må bli ein naturleg og integrert del av arbeidsdagen vår.

Samarbeid med andre er viktig for å kunne skape meir og betre forsking. Her må vi tenke både internt i helseføretaket, på tvers av avdelingar, klinikkar og profesjon, samt eksternt mot kommunesektor, universitet, høgskular, næringsliv og andre helseføretak.

Brukarmedverknad er viktig for å sikre forsking på område som er viktige for brukarane våre og styrkar sjansane for at forskingsresultata kjem til nytte i klinisk praksis.

Denne strategi- og handlingsplanen må sjåast på som ein start for å byggje ein solid grunnmur for forsking i HMR. Det er viktig at planen blir jamleg evaluert og vidareutvikla.

## Overordna mål for forsking

Forskinga i Helse Møre og Romsdal HF skal vere internasjonalt konkurransedyktig, og styrke klinisk praksis og pasientbehandling.

For å nå desse måla vil HMR i komande periode fokusere på følgjande strategiske satsingar.

# Forskinsstrategi

## Forskinskultur

*Forsking må i større grad bli ein integrert del av verksemda i Helse Møre og Romsdal.*

Det må stillast krav til at klinikke driv aktivt med forsking, mellom anna ved å innføre forskingsaktivitet som ein kvalitetsindikator i føretaket. Terskelen for å starte med forsking kan vere høg for mange, og vi må difor også fokusere på små prosjekt som ein inngangsport til forsking. I den samanheng er satsing på vitskapleg utførte kvalitetssikringsprosjekt viktig for å fremje ein forskingskultur i føretaket. Kvalitetssikringsprosjekt har ein dobbelt positiv effekt då dei for det første sikrar at vi gir pasientane behandling av god kvalitet og for det andre gir tilsette innblikk i kva forsking inneber. Dette kan gjere at dei tilsette får inspirasjon og motivasjon til å setje i gang større prosjekt.

**Auke talet på aktive forskarar gjennom ei generell satsing på forsking i HMR**

I arbeidet med å byggje ein forskingskultur må vi bli gode til å marknadsføre forskingsaktiviteten vår både internt og eksternt. Både leiinga, dei tilsette og pasientane må vere godt kjende med den forskinga som skjer i føretaket, kjenne dei positive effektane av denne type arbeid, og sjå at dette er nyttig for alle. Interesse for forsking må vektleggast ved tilsetting av nye kollegaer.

## Forsking av høg kvalitet

*Forsking av høg kvalitet er ein naudsynt og viktig føresetnad for gode helse- og omsorgstenester*

Dei som arbeider med forsking må ha tilgang til god opplæring og rettleiing, naudsynt infrastruktur og gode arbeidsvilkår. Tilgjengeleg infrastruktur ved gjennomføring av kliniske studiar

**Auke forskingskompetansen i HMR**

## Forskinsgrupper

*Forskinsgrupper er viktig for å bygge robuste forskingsmiljø*

Organiserte forskingsgrupper er viktig for å bygge robuste forskingsmiljø, fremje samarbeid og gjere forskinga meir konkurransedyktig i høve til intern og ekstern finansiering. Vi vil utarbeide retningslinjer for etablering og drift av forskingsgrupper og arbeide for at desse kan få støtte frå FIUK for oppstart og eventuelt driftsstøtte ut frå produktivitet. Forskinsgruppene kan med fordel organiserast på tvers av fag/klinikke/nivå og også inkludere eksterne samarbeidspartnarar.

**Etablere organiserte forskingsgrupper**

## Samarbeid

*Samarbeid om forsking både internt og eksternt til beste for pasienten*

Det er viktig å styrke samarbeid om forsking både internt i helseføretaket og eksternt mot kommunesektor, universitet, høgskular, næringsliv og andre helseføretak med etablering av regionale og nasjonale forskingsnettverk. Vi må utvikle møteplassar der forskingsinteresserte frå ulike sektorar kan møtast, presentere forskingsprosjekt og diskutere nye idéar. Samarbeid med andre sektorar vil kunne gi opphav til meir allsidig forskingsaktivitet til beste for pasienten, samtidig som vi står mykje sterke dersom vi samlar ressursane våre og vidareutviklar kunnskap og teknologi som alt er til stades i regionen vår.

**Samarbeide om forsking lokalt,  
regional, nasjonalt og  
internasjonalt**

Samarbeid med kommunehelsetenesta er eit viktig satsingsfelt i samhandlingsperspektivet av utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal. Når det gjeld samarbeid innan forsking, må vi i første omgang arbeide for etablering av fora som kan sikre god kontakt mellom forskrarar i spesialisthelsetenesta og samarbeidspartnerar i kommunane. Vi må også arbeide for tidleg og god involvering av kommunane i samarbeidsprosjekt og gi kommunane anledning til å setje sitt preg på prosjekta.

## Brukarmedverknad

*Brukarmedverknad sikrar at det blir forska meir på områder som er viktige for brukarane*

Brukarane er ein ressurs, som i større grad bør involverast i alle ledd av eit forskingsprosjekt, frå idéfase til implementering i klinisk praksis.

**Auka brukarmedverknad i  
forskningsprosjekt I HMR**

Brukarmedverknad sikrar at det blir forska meir på område som er viktige for brukarane, og kan gjere forsking meir tilgjengelig for befolkninga. Brukarrepresentantar kan og bidra i tolkinga av forskningsresultat, særleg med tanke på kva desse resultata betyr i det praktiske liv. Det er viktig at forskrarar kommuniserer på brukarane sitt nivå, slik at desse kan forhalde seg til forskinga.

## Økonomiske ressursar

*Økonomiske ressursar er naudsynt for å støtte opp kring ambisjonane*

Tilstrekkeleg med økonomiske ressursar er naudsynt dersom ein skal auke forskingsaktiviteten, og det er viktig at forskningsbudsjettet for Helse Møre og Romsdal følgjer opp ambisjonane i den regionale strategiplanen. Bruk av økonomiske ressursar til forsking må synleggjerast ved presentasjon av nøkkeltal. Vi vil også stimulere til at forskningsprosjekt i HMR i større grad søker ekstern finansiering.

**Tilstrekkeleg tilgang på  
økonomiske ressursar**

Samstundes som helsetenesta skal vere av høg kvalitet, må den vere økonomisk berekraftig. Det er difor viktig at vi har høgast mogleg utnyttingsgrad/gevinst av tildelte midlar og investeringar også innan forsking, noko som fordrar gode system for oversikt og oppfølging av pågåande prosjekt.



| Namn                                  | Institusjon                           |
|---------------------------------------|---------------------------------------|
| Leiar: Christer Jensen                | Fagavdelinga                          |
| Nestleiar: Fredrik Møller-Christensen | Fagavdelinga                          |
| Britt Valderhaug Tyrholm              | Samhandlingsseksjonen                 |
| Dag Arne Lihaug Hoff                  | Klinikk for medisin og rehabilitering |
| Anniken Standal Remseth               | Klinikk for kirurgi                   |
| Anne Lise Sagen Major                 | Helseplattformen                      |
| Inka Schmaus                          | Klinikk for kvinner, barn og ungdom   |
| Magne Storvik                         | Klinikk for psykisk helse og rus      |
| Jacob Devold                          | Klinikk for akuttbehandling           |
| Siv Iren Stormo Andersson             | Kristiansund kommune                  |
| Bjarte Bye Løfaldli                   | Helseinnovasjonssenteret, KSU         |

## Definisjon Innovasjon

I denne strategien har vi valt følgjande definisjonar:

Arbeidsgruppa si tolking er at innovasjonar utviklar produkt, tenester eller organisasjonsformer; innovasjonar fordrar kreativitet, eksperimentering og evne til å sjå behov, og kan gi radikale løysingar som bidrar til verdiskaping. Helse Midt-Norge har ein eigen definisjon: «Utvikling av nye produkt, tenester eller organisasjonsformar som bidreg til ei styrka helseteneste, i form av auka kvalitet, forbetra arbeidsprosessar, auka sikkerheit for pasientar og tilsette, og på denne måten bidra til verdiskaping»<sup>19</sup>.

<sup>19</sup> Innovasjon. Helse Midt Norge. 2017. Tilgjengeleg: <https://helse-midt.no/innovasjon>

## Kort om innovasjon:

Kontinuerleg forbetring er HMR sin hovudstrategi for føretaket si kvalitetsforbetring og evne til endring<sup>20</sup>. Gjennom kontinuerleg forbetring skal ein utføre tenester av høg kvalitet, samt frigjere kapasitet, tid og økonomiske ressursar for å kunne investere og vidareutvikle tenestetilbodet.

Innovasjonar går eit steg vidare og inneber større risiko for å nå eit gitt mål då vegen fram kan vere ukjend. Innovasjonar utviklar nye produkt, tenester eller organisasjonsformer; innovasjonar fordrar kreativitet, eksperimentering og evne til å sjå behov, og kan gje radikale løysingar som bidreg til verdiskaping. Arbeider alle tilsette jamt for innovasjon og utvikling, vil det verte etablert ein naturleg innovasjonskultur i føretaket, ein organisasjonskultur strategien treng. Ein innovasjonskultur vil kunne akselerere prosessane rundt kontinuerleg forbetring. For at tilsette skal engasjere seg må alle føle eit eigarskap til innovasjonar, og bevisstgjering omkring tydinga av eigne bidrag må poengterast av både leiarar og kollegar. «Vi må gjere kvarandre gode».

Effektivt samarbeid er ein naudsnyt føresetnad for å lukkast med innovasjonsarbeid. Grupper vil ha større ressursar med omsyn til problemløsing og å ta avgjersler. Strukturert forskingsbasert innovasjonsarbeid kan gje leiarar og medarbeidarar sterke evne til å gjennomføre innovasjonen. For å bygge ned «silotankegang» må leiinga vise vilje til å bruke tid og ressursar på å skape dialog på tvers av einingar. Gjennom innføring av ny organisasjonsmodell håper ein å løyse utfordringar knytt til budsjett- og avtalestruktur.

Innovasjonsstrategien skal understøtte tilsette sin søken etter betre løysingar, metodar og rutinar, samt gjere oss meir medvetne på korleis vi tenkjer og jobbar. Vellykka innovasjonsarbeid kjem gjennom skapande samspel mellom alle tilsette. Innovasjonsarbeid skal ikkje berre ha fokus på å finne nye løysingar, men like viktig er det å maksimere verdien av dei løysingane vi allereie har. Resultata skal gje positiv verdi for pasienten.

Føremålet med innovasjonsarbeidet er å skape nøgde pasientar. Ein god innfallsvinkel vil derfor vere å fokusere på kva problemstillingar innovasjonsarbeidet skal løyse, og for kven. Pasientinnovasjon handlar om pasientar og pårørande sine behov, eksperimentering og erfaring, og korleis ein kan nytte dette som grunnlag for innovasjon.

## Overordna mål for innovasjon

Innovasjonsprosjekt i Helse Møre og Romsdal HF skal styrke spesialisthelsetenesta, også i eit breitt samhandlingsperspektiv, og gje positive konsekvensar for pasientbehandling. Kontinuerlig forbetring og innovasjon skal vere ein integrert del av kvardagen og kulturen i føretaket.

---

<sup>20</sup> Styringssystem for Helse Møre og Romsdal HF. Saksnummer 2016/46, 31. august 2016. Tilgjengeleg: <https://ekstranett.helse-midt.no/1011/Sakslite%20og%20protokoll/Sak%202016-46%20-%20Styringssystem%20for%20Helse%20Møre%20og%20Romsdal%20HF.pdf>

Tilgjengeleg: <https://ekstranett.helse-midt.no/1011/Sakslite%20og%20protokoll/Sak%202016-46%20-%20Styringssystem%20for%20Helse%20Møre%20og%20Romsdal%20HF.pdf>

## Innovasjonsstrategi

### Helseplattformen

*Saumlaus samhandling mellom alle ledd i behandlingskjeda. «Ein innbyggjar – ein journal»*

For første gong skal det etablerast ei journalløsing som kan brukast av alle ledd i helsetenesta. For pasienten vil dette bety at kontakt med helsetenesta blir enklare fordi helsearbeidaren, uavhengig om det er kommunehelsetenesta eller

**Førebu tilsette og leiarar på Helseplattformen gjennom tenesteinnovasjon. Dette handlar om digitalisering, omstilling og endring av arbeidsprosessar og kultur.**

spesialisthelsetenesta, kvar som helst vil ha oppdatert informasjon. Helseplattformen skal innførast i Midt-Norge og er nasjonal pilot for målsetninga «Ein innbyggjar – ein journal». Helsetenesta slik vi kjenner den i dag har gjennomgått mange endringar, men den digitale tidsalder vil likevel stille heilt nye krav til omstillingsevne. HMR HF må førebu seg på å ta i mot og utnytte den nye teknologien og gjere seg i stand til å ta ut gevinstar i form av kvalitet og effektivitet. Dette krev blant anna at helsepersonell får kunnskap om nytteverdien av moderne teknologi og korleis dei kan tileigne seg digitaliseringskompetanse. Ved hjelp av støtte til avgjersler, kunnskapsstøtte og prosesstøtte vil moderne IKT-system kunne lette arbeid til helsepersonell, varsle om avvik og heve kvaliteten og pasientsikkerheita. I tillegg vil moderne IKT-system gje moglekeit til nye tenester som kan bidra til å effektivisere arbeidet som vert levert til pasientar og pårørande.

### Kroniske og multisjuke pasientar

*Det å ta i bruk urealisert potensiale og auke eiga meistring vil gje positive resultat for pasientane*

Gruppa av pasientar med kroniske sjukdomar veks. Ein del er storbrukarar av helseteneste i mange år, ofte ut livet, både spesialist- og kommunehelseteneste. Det krev god samhandling.

**Innovative forløp for kronikarar og multisjuke understøtta av pasientane sine eigne ressursar, preferansar og mogleheit for meistring**

Ein rapport frå Helse Vest viste at 10 % av

pasientane brukte 44% av liggedøgna på Nordfjord sjukehus. Vi veit også at mange i denne pasientgruppa har fleire andre sjukdomar som gir eit komplekst sjukdomsbilete. Det er såleis viktig å sjå alt i samanheng, ikkje fokusere på å behandle ein og ein diagnose. Pasientgruppa med fleire kroniske sjukdomar blir kalla *multisjuke*. Teknologisk utvikling vil legge betre til rette for at pasientgruppa vil kunne ta større ansvar for eigen sjukdom. Teknologi som kan dele informasjon mellom brukar og behandlar, for eksempel gjennom Helseplattformen, vil kunne bidra til at pasienten kan mestre sjukdomen sin heime, betre og lenger.

Behandlingspersonell vil kunne overvake informasjon og intervenere når behov oppstår, meir saumlaust enn i dag. Større bruk av pasienten sitt potensiale vil kunne gje store positive

konsekvensar for korleis vi organiserer tenester i spesialisthelsetenesta og korleis vi organiserer oss fagleg. Helsevesenet må i større grad organisere tenesta rundt pasienten med mål om å gjennomføre ein meir effektiv ressurssparande behandlingsteneste.

## Simulering

*Simulering i realistiske omgjevnadar vil gje betre kvalitet, kommunikasjon og pasientsikkerheit.*

Simulering på tvers av profesjonar i realistiske omgjevnadar vil til dømes trenere helsepersonellet si evne til god kommunikasjon. God kommunikasjon er i mange tilfelle avgjerande for pasienten sitt liv og helse, og svikt i kommunikasjon i behandlingskjeda er ein betydeleg faktor ved uønskte hendingar i helsevesenet. Simulering vil redusere tal på uønskte hendingar. Simulering i tverrfaglege team vil auke pasientsikkerheita, behandlartryggleik og kvaliteten og kan gje høve til forsking på effekten. Simulering kan handle om å trenere på ei gitt prosedyre for å bli tryggare i utføringa. Det kan også vere eit virkemiddel for å få nok volum til å oppretthalde kompetansen. I mange fagområde er det eit avgrensa tal på pasientar, og vitskapleg er det i mange fagfelt vist at kvalitet heng saman med talet på prosedyrar ein har gjennomført. Simulering kan og brukast for å sertifisere tilsette før dei slepp til i klinisk praksis, der spesielt bruk av teknisk utstyr bør vere eit fokusområde for simulering. Simulering vil og kunne avdekke svakheiter i organisering, lokale og utstyr.

**Etablere ein prosjektorganisasjon med kompetanse og søke samarbeid med eksterne aktørar omkring prosjekt innan simulering**

## Samhandling

*Samhandling internt og eksternt med fokus på pasientane sine behov vil gje gode helsetenester.*

Pasientane skal oppleve/bli ivaretatt på ein heilskapleg måte, kor samhandling må skje både internt mellom avdelingar/seksjonar og eksternt mot kommunar og fastleggar. Samhandling betyr at våre helsetenester skal vere samanhengande og koordinert. Samhandlingsreforma som gjeldande frå 2012 skal legge til rette for at pasientar og brukarar får ei betre teneste kor dei bur, samt at sjukdom skal førebyggast. Ei målsetting er at ein større del av helsetenesta skal leverast i kommunane kor pasientane bur. Samhandling krev gjensidig tillit, prioritering, innsats og ressursar kor Helseplattformen vil kunne gje nye moglegheiter for innovativ samhandling. Det er også viktig at det føregår ei kunnskapsutveksling mellom ledda, og at ein skal tenke på neste ledd i kjeda og overlevere stafettpinnen med dei beste føresetnadene. Alle involverte partar må samarbeide om å legge forholda best mogleg til rette for kvarandre. Eit anna perspektiv for samhandling er mellom utdanningsinstitusjonar, næringsliv og spesialisthelsetenesta når det gjeld forsking,

**Innovativ samhandling med mål om å betre informasjonsflyten mellom behandlingsaktørar både internt og eksternt i**

innovasjon, utdanning og kompetanse utvikling. Eit stort ubrukt potensial ligg her, det må takast i bruk.

## Effektiv ressursbruk

*Nok helsepersonell i framtida legg grunnlag for innovasjon i organisering, tenestetilbod og teknologi.*

Føretaket er i ein posisjon kor vi må ha langt større fokus på innovasjon for å sikre nok kompetent personell og berekraftig økonomi. Innovasjonar innan samhandling internt, mellom fagfelta og ut til samhandlingsaktørar vil vere heilt nødvendig for ein effektiv ressursbruk. Innovasjonar i arbeidsmåtar, tenestetilbod, innkjøp og bruk av teknologi vil legge grunnlaget for å møte dagens og framtidige behov. Kontinuerleg forbetring har lagt grunnlaget for auka fokus på kvalitet og ressursbruk i føretaket, men det må stimulerast til ytterlegare innovasjonar innan arbeidsmåtar, saumlaus flyt av tilsette, ambulering, tverrfaglege multidisiplinære team, samhandling i alle retningar, innkjøp, elektronisk kommunikasjon med pasientar og full digitalisering innan Helseplattformen vert introdusert. Alt dette vil kunne bidra til at ein med dagens bemanning i framtid vil kunne ha ei robust helseteneste for pasienten.

**Innovasjonskultur og nytenking skal vere  
ein integrert del av leiar- og  
medarbeidarutvikling med støtte frå  
personal- og fagavdelinga**



| Namn                      | Institusjon   |
|---------------------------|---|
| Leiar: Marit Kjersem      | Fagavdelinga  |
| Nestleiar: Øyvind Eriksen | HR-avdelinga  |
| Jorun Bøyum               | Klinikk for medisin og rehabilitering   |
| Brit Valaas Viddal        | Klinikk for diagnostikk   |
| Wenche Lervik             | Klinikk for kvinner, barn og ungdom   |
| Stein Pettersen           | Klinikk for psykisk helse og rus  |
| Linn Jenny Husøy Morsund  | Sunnmøre Regionråd (SRR)/ Sandøy kommune,<br>Eining for helse- og omsorgstenester |
| Anita Skarshaug Kvendseth | Klinikk for kirurgi   |
| Aslaug Bråten             | Klinikk for akuttbehandling   |

### Definisjon Utdanning

I planarbeidet har vi støtta oss på følgjande forståing av omgrepene utdanning:

«Begrepet utdanning fokuserer først og fremst på det som foregår innenfor utdanningsinstitusjoner, men en betydeleg del av profesjonsutøvernes kvalifisering skjer også i arbeidslivet (kompetanseutvikling/kompetansetileigning – vårt innspele)<sup>21</sup>.

<sup>21</sup> Smeby, Jens-Christian og Sølvi Mausethagen (2017: 11) *Profesjonskvalifisering*. I: Mausethagen, Sølvi og Jens-Christian Smeby (red) (2017) *Kvalifisering til profesjonell yrkesutøvelse*. Oslo: Universitetsforlaget.

## Kort om utdanning

Strategi for utdanning skal sikre at rett pasientbehandling vert ivaretakne med tilsette som har relevant utdanning og god kompetanse. Helse Møre og Romsdal HF (HMR) skal sikre nok helsepersonell med rett kompetanse -rett person på rett stad til rett tid- med fokus på utdanning av personell som kan utvikle Helse Møre og Romsdal HF sine visjonar og verdiar. Dette skal planleggast som ein del av dagleg drift og syte for at HMR er konkurransedyktig om å rekruttere fagpersonell, samt utvikle og halde på desse. Stabsavdelingane skal støtte klinikkane i arbeid med utdanningsspørsmål.

HMR bruker ikkje planleggingssystem optimalt og vi manglar strategiar som sikrar systematisk planlegging av utdanningsbehov. Det er ikkje implementert som en del av budsjettarbeid og er preget av adhoc-løysingar når mangel på kvalifisert personell er prekær.

Utdanning og kompetanseutvikling skal vere inkludert i all verksemds- og budsjettplanlegging og i samsvar med HMN og HMR sine strategiar for utdanning og kompetanseutvikling<sup>22</sup>.

Strategien skal møte et framtidig behov for helsehjelp ved å identifisere dei helsefaglege utfordringane i ein demografisk- og teknologisk kontekst. Det skal være spesielt fokus på utdanning til framtidige behov for tverrfaglige samarbeid og straumlinjeforma pasientforløp. Ta i bruk teknologiutvikling, analyseverktøy og simulering i forbindelse med utdanning og praksisstudiar<sup>23</sup>.

## Overordna mål for utdanning

Klinikksjefane skal til ei kvar tid ha oversikt over eininga sin kompetanse og kapasitet. Basert på dette skal dei sette i verk tiltak som gjer at dei har nødvendig føresetnadene for å sikre pasientbehandlinga. Utdanningsbehovet på kort og lang sikt skal være dokumentert, med utgangspunkt i systematiske analyser. HMR sine tilsette skal ha relevant kompetanse som er tilpassa føretaket sine mål og strategiar. HMR skal bidra til at utdanningane er i tråd med tenestene og befolkninga sine behov. I tillegg skal ein samarbeide med kommunane og utdanningssektoren om utdanning av framtidas helsepersonell. Arbeidet med utdanning skal involvere pasient- og brukarperspektivet.

---

<sup>22</sup> Strategi for utdanning og kompetanseutvikling i Helse Midt-Norge 2015-2020. Helse Midt-Norge (vedtatt i mars 15). Tilgjengeleg: <https://helse-midt.no/Documents/Strategi/Strategi%20for%20utdanning%20og%20kompetanseutvikling%202015-2020.pdf>

<sup>23</sup> Kvalitet i praksisstudiene i helse- og sosialfaglig høyere utdanning: PRAKSISPROSJEKTET. Universitets- og høgskolerådet, 2016. Tilgjengeleg: [http://www.uhr.no/documents/praksisprosjektet\\_sluttrapport\\_ver2.pdf](http://www.uhr.no/documents/praksisprosjektet_sluttrapport_ver2.pdf)

# Utdanningsstrategi

## Planlegge og rekruttere

*For å dekke framtidig behov for kompetanse må ein sikre at HMR har eit godt omdøme*

For å sikre at HMR har godt omdømme og står fram som ein attraktiv arbeidsplass skal alle organisasjonsnivå ha oversikt over eksisterande kompetanse og kapasitet, samt utdanningsbehovet 1 og 5 år fram i tid. Vi skal ha rutinar som sikrar rask og god lærings- og kompetanseoverføring. Introduksjonsprogramma skal vere forpliktande og gjere nyleg tilsette trygge og raskt inkludert i organisasjonen. Studentar som har sine praksisstudiar i HMR skal bli ivaretekne på same måte.

**Attraktiv arbeidsplass med godt omdømme**

## Utvikle og halde på kompetanse

*Gode lærings- og fagmiljø for å styrke, utvike og halde på kompetanse*

HMR skal skape gode lærings- og fagmiljø. Årleg revisjon av kompetanseplanar og gjennomføring av planlagt utdanning skal vere med på å sikre og legge til rette for at tilsette får utfordringar som bidreg til styrking og utvikling av erverva kompetanse. Eit tiltak vil vere etablering av årshjul for å sikre at utdanning og kompetanseutvikling er inkludert i all verksemds- og budsjettplanlegging og i samsvar med strategi for utdanning og kompetanseutvikling i HMN.

**Personalutvikling ved målretta kompetanseheving**

## Samhandling

*Samhandling for gjensidig forpliktande utdanningsløp*

Spesialisthelsetenesta har tradisjon for å samarbeide med utdanningsinstitusjonane om utdanning av helsepersonell. Dette er lovregulert og innarbeida i dagens drift. Det må likevel vidareutviklast både med omsyn til innhald i utdanningane og modellar for praksisstudiar. Samhandlingsreforma og pasientgrunnlaget utfordrar oss til ytterlegare koordinering og samarbeid med både utdanningssektoren og kommunehelsetenesta. Dette inneber samarbeid om å utvike og etablere etter- og vidareutdanning som tek hand om pasienten sine behov for ei heilskapleg helseteneste og strømlinjeforma behandlingsforløp. Aktuelle pasientgrupper er kronikarar og den multisjuke pasient. Korleis kan ein samarbeide om etter- og vidareutdanninger som tek hand om denne pasientgruppa? Utviklinga stiller og krav om tverrprofessionelt samarbeid. Korleis kan for eksempel f. eks. praksisstudiane organiserast for å sikre dette?

**Samhandling for betre pasientbehandling**



| Namn                        | Institusjon   |
|-----------------------------|---|
| Leiar: Bodil M. Haugen Våge | Fagavdelinga  |
| Nestleiar: Arild J. Iversen | HR-avdelinga  |
| Ingeborg Henriksen          | Den norske legeforening                                 |
| Guttorm Eldøen              | Klinikk for medisin og rehabilitering                   |
| Martin Grotnes              | Klinikk for diagnostikk                                 |
| Elin J. Hansen Ytterbø      | Klinikk for kvinner, barn og ungdom                     |
| Ole Lorvik                  | Klinikk for psykisk helse og rus                        |
| Karianne Naas Vestavik      | Romsdal Regionråd (ROR), Fræna kommune, Pleie og omsorg |
| Siw Andrea Todal            | Klinikk for akuttbehandling                             |
| Kari Merete Gjengstø        | Klinikk for kirurgi                                     |

## Definisjon Kompetanse

I denne strategien har vi valt følgjande definisjonar:

«Kompetanse er de samlede kunnskaper, ferdigheter, evner og holdninger som gjør det mulig å utføre aktuelle funksjoner og oppgaver i tråd med definerte krav og mål»<sup>24</sup>.

«Strategisk kompetanseutvikling er en kontinuerlig prosess som innebærer planlegging, gjennomføring, og evaluering av tiltak, for å sikre at organisasjonen og den enkelte medarbeider har og bruker nødvendig kompetanse for å nå definerte mål»<sup>25</sup>.

<sup>24</sup> Lai, Linda. *Strategisk kompetanseledelse*. 3. utg., Bergen, Fagbokforl, 2013.(s. 46)

<sup>25</sup> Strategi for utdanning og kompetanseutvikling i Helse Midt-Norge 2015-2020. Helse Midt-Norge (vedtatt i mars 15). Tilgjengeleg: <https://helse-midt.no/Documents/Strategi/Strategi%20for%20utdanning%20og%20kompetanseutvikling%202015-2020.pdf>

## Kort om kompetanse

HMR HF sitt styringssystem bygg på prinsippa for total kvalitetsleiing og styring. Dette inneber å ha fokus på pasientane sine krav, behov og forventningar, trygge pasientforløp, leiarskap og kompetente medarbeidrarar, forbetring og læring, likeverd og samarbeid.<sup>26</sup>

Strategi for utdanning og kompetanseutvikling for HMN 2015-2020 trekker frem følgjande innsatsområder: Dei menneskelege ressursane er den viktigaste innsatsfaktoren i helsetenesta; Kvalitet og omstillingsevne i spesialisthelsetenesta er avhengig av god leiing og medarbeidarane sin kompetanse; Hovudansvaret for utdanning, kompetanseplanlegging og kompetanseutvikling ligg hos linjeleiinga og toppleiringa; Spesialisthelsetenesta skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar for å rekruttere, utvikle, og behalde medarbeidrarar og team; For helseføretaket og for kommunane er kompetanseutvikling og individuelle kunnskapar fyrt og fremst interessante i den grad dei bidreg til at respektive organisasjonar løyser sine oppgåver på ein god måte; Å skape ein ”lærande organisasjon” handlar om å utvikle, forvalte og ta i bruk kunnskapsressursar slik at verksemda totalt sett blir i stand til å mestre daglige utfordringar og etablere ny praksis når det er nødvendig. Kjenneteikn for lærande organisasjonar er, blant anna, fleksibilitet i arbeidsmåtar og organisering, og dei er prega av både kompetanseutvikling og kunnskapsspreiing.

Føringer tilseier at spesialisthelsetenesta bør bli meir spesialisert, og oppgåver av spesialisert karakter må difor vidareutviklast og reindyrkast i strategiperioden. Effektiv og god diagnostikk og tilbod om spesialisert behandling til rett tid er ein føresetnad for berekraft og gode pasientforløp i tenesta. Spesialisthelsetenesta bør også legge til rette for generalistkompetanse. Dette for å betre sjå, forstå og behandle heile mennesket. I tett og nært dialog med samarbeidspartar bør oppgåver og ansvarsområde avklarast og sjåast i samanheng. Behov for kompetanse må identifiserast og vi må finne fram til gode og hensiktmessige samarbeidsformer til beste for pasient og pårørande (etter inspirasjon frå Helse Vest)<sup>27</sup>.

## Overordna mål for kompetanse

Forvalte og utvikle kompetansen til dei som skal yte spesialisthelsetenester i den hensikt å møte innbyggjarane sine behov og forventningar til kvalitet no og i framtida. Utvikle pasienten si helseteneste gjennom å ta i bruk pasient og pårørande sin kompetanse og erfaring i utvikling av tenestane. Samhandling mellom spesialisthelseteneste og kommunar om kompetanseutvikling når det gjeld kronisk sjuke og multisjuke.

<sup>26</sup> Styringssystem for Helse Møre og Romsdal HF. Saksnummer 2016/46, 31. august 2016. Tilgjengeleg: <https://ekstranett.helse-midt.no/1011/Sakslite%20og%20protokoll/Sak%202016-46%20-%20Styringssystem%20for%20Helse%20Møre%20og%20Romsdal%20HF.pdf>

<sup>27</sup> Sjå: Kompetansestrategi for Helse Bergen HF 2015-2020  
<https://helse-bergen.no/Documents/Planar%20og%20strategiar%20i%20Helse%20Bergen/Kompetansestrategi%202015-2030.pdf>

## Kompetansestrategi

### Leiaransvaret

*Det er behov for å tydeleggjere leiaransvaret når det gjeld strategisk kompetanseplanlegging og utvikling i føretaket.*

Systematisk arbeid med kompetanseplanlegging og utvikling er eit leiaransvar. Planar for rekruttering og det å behalde og utvikle kompetanse i organisasjonen bør vere ei hovudoppgåve og eit ståande oppdrag for leiarar på alle nivå. Leiinga stimulerer til kompetansefremjande tiltak og etterspør oversikter, planar og behov i organisasjonen i den hensikt å prioritere og planlegge for investeringar. Leiarar på alle nivå må få auka kunnskap og kompetanse på korleis ein arbeider med strategisk kompetanseleiring.

**Å forvalte og utvikle tilsette sin kompetanse er ei hovudoppgåve i føretaket og eit leiaransvar**

### Kvalitet i etterutdanning og intern opplæring

*Spesialisthelsetenesta er ein sentral arena for læring og kompetanseutvikling for både studentar i praksis og for tilsette.*

Intern opplæring og etterutdanning skjer både gjennom uformell og meir formell og kompetanseutvikling. Lover og forskrifter, teknologi og utvikling i behandlingstilbod bidreg til behov for auka fokus på pedagogisk kvalitet, struktur og dokumentasjon. Ny struktur for legar i spesialisering vil dei nærmaste åra utfordre oss på dette.

**Kvalitetssikre læringsarenaer for våre tilsette i den hensikt å sikre kompetansen nærmast pasienten**

### Kompetanse- og verksemdsplanlegging

*Kompetanseutvikling er ein del av verksemdsplanlegginga og dannar grunnlaget for prioritering og budsjettarbeidet.*

Eit viktig prinsipp er rett kompetanse på rett plass. Det er behov for tilgang på data og analysar som grunnlag for vurderingar knytt til strategisk kompetanseplanlegging på ein slik måte at dette kan knytast til framskrivning av kompetanse- og kapasitetsbehov. Slik strategisk planlegging bør, med bakgrunn i no-situasjon, oppdaterast årleg og danne utgangspunkt for dialogar og drøftingar i leiarlinjene. Kompetanse bør risikovurderast. Utfordringsbileta må definerast med bakgrunn i dette. Vi treng vidare ei synleggjering av planprosessen og kartlegging av behovet for kompetanseutvikling, utdanning og organisasjonsutvikling. Bruk av årshjul med gode og transparente fagprosessar og at leiarar kjenner ansvar for dette er svært viktig.

**Kompetanseutvikling er basis og gjennomsyrer all verksemdsplanlegging og organisasjonsutvikling**

## Kompetanse- og organisasjonsutvikling

*Korleis oppgåver og funksjonar vert fordelt har innverknad både for effektivitet og kvalitet på tenestane i sjukehus.*

Ny kunnskap og nasjonale strategiar må implementerast planmedvite og i større grad få konsekvensar for forvalting av kompetanse både på individnivå og samla sett i organisasjonen. Korleis oppgåver og funksjonar vert fordelt har betydning både for effektivitet og kvalitet på tenestane. God meldekultur og «lære av» arbeid, implementering- og konsensusarbeid bør få større fokus. Trendar når det gjeld alder og kompleksitet i sjukdomsbilete gjer at pasientar treng oppfølging og tilsyn frå fleire typar fagpersonar, som til dømes av tverrfaglege team. Det bør oppmuntrast til jobbgliding som noko positivt og kreativt. Kvar avdeling bør sjå på dette og finne sine tiltak, som gjerne må vere innovative. Det finst fleire eksempel på at dette kan bidra til meir effektive tenester og auka kvalitet på tenestetilbodet.

**Vi må skape ein læringskultur gjennom kompetansebygging på tvers**

## Brukarane sin kompetanse

*Det finst eit potensiale for betre tilrettelegging av dialogen med pasientar og pårørande.*

Det er og vil verte viktig å ha med pasienten sine perspektiv i alle deler av verksemda og på ulike måtar. Pasientar og brukarar må få *kompetanse til å meine* i dialog med spesialisthelsetenesta, og enkelte brukarorganisasjonar held kurs for sine medlemmer. Brukarane våre har ein kompetanse i seg sjølv, i form av erfaringar, som kan kome helseføretaket til gode. Alle avdelingar bør ha årlege møter med brukarorganisasjonar og dei bør inviterast til å delta i kliniske studiar. Veit vi kva pasientar og brukarar vil ha i framtida?

**Pasienten sin kompetanse og erfaring er like viktig som helsepersonell sin fagkompetanse i utvikling av tenestetilbodet**

## Samhandling om kompetanseutvikling om kroniske sjuke

*Det er behov for å auke fokuset på overføring av kompetanse mellom spesialisthelseteneste og kommunar.*

Kompetansebygging handlar mykje om å skape møteplasser for kunnskapsoverføring, nettverksarbeid og bygging, og felles kompetanseutvikling for å sikre pasienten helsehjelp på lågast effektive omsorgsnivå. Det er konkurransen om arbeidskraft – spesielt sjukepleiarar, og problem med rekruttering av fastlegar til kommunane. Pasientar med multidiagnosar, høg alder, kompliserte og samansette problem, gir behov for poliklinisk oppfølging. Dagens pasientar og brukarar har lett tilgang på helseinformasjon. Det er vesentlig at pasientar og brukarar opplever å møte kompetent helsepersonell på lavast mulig effektive nivå.

**Helseføretaket skal lytte til kommunehelsa sine behov og bidra til kompetanseutvikling for pasientane**

Oppsummert viser strategiane over retning mot kva for hovudområde dei fire arbeidsgruppene meiner er viktige å få på agendaen i tida framover. Vi viser til DEL III av planen for presentasjon av arbeidsgruppene sine forslag til spesifikke handlingsplanar på områda forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling.

I det vidare vil vi sjå nærmere på kva som har vore bakteppet for planarbeidet og kva for analysegunnlag vi byggjer planen på. Vi kjem også med nokre tankar på korleis ein bør jobbe vidare med implementering av resultata av planarbeidet.

# SAMHANDLING EKSTERNT

## Samhandling med utdanningssektoren

Ein vesentleg del av FIUK-planen er å definere samarbeidet HMR ønsker å ha med utdanningssektoren lokalt, regionalt og nasjonalt/internasjonalt. 3. oktober 2017 vart det halde dialogmøte med universitets- og høgskolesektoren (UH-sektoren) i Møre og Romsdal inklusive NTNU Trondheim og utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune (fråfall). Målsetjinga med møtet var å få innspel på utsende spørsmål om korleis ein kan samarbeide om forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling og rekruttering i framtida. Til stades på møtet var også representantar frå HR-avdelinga i HMR, kommunesektoren, tillitsvalde og brukarorganisasjonane (fråfall). Også Helseinnovasjonssenteret i Kristiansund var invitert til møtet. Følgjande stikkord kom fram på møtet.



Kort oppsummert var det svært god stemning under møtet, og det vart bestemt at aktørane som var til stades skal møtes ein gong i året for å diskutere felles problemstillinger, tiltak og område ein bør samarbeide om. Høgskulen i Volda vil være vertsskap for neste møte.

Det positive med møtet var at ein også hadde med seg kommunesektoren. Dette gjer at ein kan ha direkte dialog mellom sentrale aktørar på tema og problemstillingar som må sjåast i ein større samanheng – og i eit samhandlingsperspektiv.

Ein annan positiv ting er at utdanningssektoren frå heile regionen kan være med på å lytte – og lære – frå kvarandre, frå spesialisthelsetenesta og frå kommunane.

Eit første felles tiltak ein vil setje i gong, er at føretaket vil inngå dialog og samarbeid med utdanningsinstitusjonane om å være aktiv deltarar og stille med rettleiarar på mastergrader og ph.d-grad i Volda/Molde. I første omgang skal føretaket kartlegge tema

ein ønskjer å få belyst gjennom eit mastergradsarbeide og så spele behovet inn til institusjonane.

HMR ønsker også årlege dialogmøter med kvar av institusjonane for å diskutere sentrale problemstillingar i relasjon til samarbeid på viktige område.

## **Samhandling med brukarane**

Vi har utfordra brukarane til å kome med innspele på korleis dei ønskjer samarbeidet med føretaket. Resultatet er sitert i sin heilskap under:

### **«Innspele til FIUK-plassen frå brukarutvalet**

*Brukarutvalet (BU) - i H M R ønskjer ein strategi- og handlingsplan for forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling (FIUK) velkommen. Dette fordi vi ser at ein slik plan vil kome befolkninga i regionen til nytte. Den vil føre til betre helsetenester, gjennom auka fagleg nivå på dei ansatte både i Helseføretaket og i dei 36 kommunane.*

*Det at det både er ein strategi- og ein handlingsplan, gjer den også meir "robust" og strengare krav av gjennomførbarheit. At den også er ankra i leiinga, gjer også ein tryggleik om at tiltaka blir ein realitet.*

*BU - har gjennom planleggingsprosessen i prosjektet hatt representant i sekretariatet. Her har BU fått vore med på det praktiske arbeidet ved å legge forholda til rette for dei fire ulike gruppene og sjå til at det er samsvar mellom mandat og sluttprodukt.*

*BU har tidlegare peika på at informasjonsflyten har vore mangelfull og ikkje god nok. FIUK skal ivareta samhandlingsperspektivet. Derfor trur vi at samhandlinga mellom H. F. og kommunehelsetenesta med dette skal ta store steg i riktig retning.*

*Samarbeidet mellom avdelingar og klinikkar gjennom oppretting av tverrfaglege team (MD.T) lovar også godt for ei framtidig god helseteneste.*

*Gjennom samhandlinga med kommunen bør ein av svært mange årsakar også satse på generelle ting som "folkehelsa". Helse vert skapt ute i samfunnet i alle arenaer og er krevande. Ønskje frå BU er også at samarbeidet mellom H M R og St. Olav bør betrast på enkelte områder. Eksempelvis har "pakkeforløpa" innan kreft vore vanskeleg å overhalde ved pasientflyt mellom dei to H F.*

*Både innovasjon og kompetanseutvikling er godt omtalt i planen. Utdanning av både pasientgrupper og pårørande er også godt ivaretatt gjennom god kursing . Fleire og fleire brukarar av helsetenestene vil ha "ein finger med i spelet" om si eiga helse og behandling.*

*Brukarar inn i forsking har vore banebrytande og er også pålagt gjennom helseføretakslova. Byrjinga av prosessen vil naturlegvis by på problem for begge partar. Det er utfordrande, men vil garantert etter kvart føre til betre helsetenester og nytte for samfunnet. Det er både etisk og demokratisk. Forskarar og brukarar stiller med sine forskjellege kunnskapar og erfaringar og vil utfylle kvarandre. For brukaren er det viktig å spele ei mest mogleg*

*meiningsfylt rolle, vere samarbeidspartnar og ikkje berre alibi. Nokre gongar kan det vere fornuftig å ha med to brukarar, ein med systemerfaring og ein med pasient-/diagnoseerfaring.*

*God brukermedverknad er det først når brukaren er med både i planleggingsprosessen, gjennomføringa av forskingsstudia og implementeringa.*

*I det siste er det satt inn mykje ressursar på førebygging og det er veldig bra og samfunnsøkonomisk fornuftig på lang sikt. Ein må samtidig også ha tanke for eit godt diagnostiske tiltak og behandling og rehabilitering av høg fagleg kvalitet.*

*BU er fornøgd med FIUK sin fokus på rus/psykiatri, som også er at av dei fire store satsingsområda til regjeringa dei neste år. Dette ved sidan lavstatus muskel/skjelett sjukdomar, kor det også bør utarbeidast pakkeforløp.*

*BU støttar også "kampen" om å få PCI - behandling til Helseføretaket vårt.*

*Innan kreft nemner vi eit stort ønskje om ein PET - scan maskin som kan betre treffsikkerheita og kvaliteten på utgreiinga av både kreftpasientar og andre.*

*Vi ønsker også at digitaliseringa må bli betre.*

*Dette må være med i ein framtidsplan. Teknologiske hjelpemidlar i heimen fører til færre innleggingar og betre livskvalitet. Teknologiske løysingar i både HF og kommunar vil også gjere godt for økonomien.*

*BU ønsker også i framtida å være konstruktiv samarbeidspart».*

# **DEL II**

## **BAKTEPPE ANALYSEGRUNNLAG VIDARE**

# BAKTEPPE. ANALYSEGRUNNLAG. VIDARE

---

## Bakteppe

Kva for helsetenestetilbod norske borgarar kan forvente seg i framtida både på kommunenivå og i form a spesialiserte tenester<sup>28, 29, 30</sup> kan vere avhengig av geografiske tilhøve som skilnader i infrastruktur, alders-samansetjing, nærliek til helsehjelp og tilgang på nok helsepersonell med rett kompetanse med vidare. Dersom behovet for helsehjelp aukar i same takt, og spesielt knytt til aukande alderssamansetting i befolkninga, syner tal at kvar fjerde ungdom på landsbasis må utdanne seg innan helse- og sosial for å dekke opp bemanningsbehovet i 2025, og kvar tredje i 2035. Slike tal er ikkje verken berekraftige eller ønskelege sett frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv<sup>31</sup>.

Møre og Romsdal er eitt av fylka i landet som kan kome i ein spesiell vanskeleg situasjon kva gjeld rekruttering av nok kvalifisert helsepersonell. Tal frå fylkesstatistikken syner at av ti ungdommar som reiser ut for mellom anna å ta høgre utdanning kjem åtte av dei ikkje tilbake. Spesielt stort er tapet av unge kvinner<sup>32</sup>. For HMR sin del er det mangel på kvalifisert personell innan ulike segment – og ein må difor ofte ta i bruk innleige av personell via vikarbyrå med høg timebetaling. Mange av dei som har vore leigd inn har kome frå våre naboland. Grunna tilbod om høgre lønn for kvalifisert helsepersonell i Sverige er det blitt mindre attraktivt å reise til Norge for å arbeide. Dette tyder på at det kan bli større utfordringar med å få tak i vikarar via vikarbyrå for framtidas HMR.<sup>33</sup>

Framtida sine helsetenester skal sette pasienten sine behov i sentrum<sup>34</sup>. Slike lovnadar fordrar at storsamfunnet kan stille med kompetent helsepersonell. Fleire framskrivingar<sup>35</sup> og nyare forsking syner derimot at det kjem til å bli kritisk mangel på nok helsepersonell med rett kompetanse dei nærmaste åra<sup>36</sup>. Dette gjeld både for Norge og for andre vestlege land vi kan samanlikne oss med<sup>37</sup>.

---

<sup>28</sup> Meld. St. 11 (2015-2016) *Nasjonal helse- og sykehusplan (2016-2019)*. Tilgjengeleg:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/7b6ad7e0ef1a403d97958bcb34478609/no/pdfs/stm201520160011000dddpdfs.pdf>

<sup>29</sup> Meld. St. 13 (2011-2012) *Utdanning for velferd*. Tilgjengeleg:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/ac91ff2dedee43e1be825fb097d9aa22/no/pdfs/stm201120120013000dddpdfs.pdf>

<sup>30</sup> Helse Omsorg21 (2014) HelseOmsorg 21: Et kunnskapssystem for bedre folkehelse. Tilgjengeleg:

<https://forskningsradet.no/prognett-helseomsorg21/Dokumenter/1253985487342>

<sup>31</sup> Helsedirektoratet (2017) *Kompetanseløft 2020*; Tilgjengeleg: <https://helsedirektoratet.no/kompetanseloft-2020>

<sup>32</sup> Utviklingstrekk i Møre og Romsdal. Kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi 2016-2020, Møre og Romsdal Fylkeskommune (2015),

<https://mr.fylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Utviklingstrekk-i-Moere-og-Romsdal>

<sup>33</sup> Hagelien, Even, Sykepleien.no, *Gode tider for helsevikarer*, 11.05.16. <https://sykepleien.no/2016/05/sa-stoore-er-de>

<sup>34</sup> Meld. St. 26 (2014-2015) *Fremtidens primærhelsetjeneste – nærlhet og helhet*. Tilgjengeleg:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/d30685b2829b41bf99edf3e3a7e95d97/no/pdfs/stm201420150026000dddpdfs.pdf>

<sup>35</sup> Helse Vest (2014) Kunnskapsgrunnlag kompetanse og rekruttering. Tilgjengeleg på: <https://helse-vest.no/seksjon/styresaker-arkiv/Documents/2014/08.12.2014/Sak%202014214%20Vedlegg%201%20-%20Analyserapport%20Kunnskapsgrunnlag%20kompetanse%20og%20rekruttering.pdf>

<sup>36</sup> Teige, Berit Kvalsik, Marit Kvangersnes, Torstein Hole, Bodil Landstad og Siri Ytrehus (2017) *Utviklinga av styringsnettverket Sjustjerna helse og omsorg sett i lys av reformutviklinga og styringsprinsipp for sektoren siste ti-åra*. Artikkelen er i sluttfasa. Helse Møre og Romsdal, Helse Nord-Trøndelag, NTNU Ålesund.

<sup>37</sup> Johnsen, Jan Roth, and Vaida Bankauskaite. "Health Systems in Transition." *Norway: European Observatory on Health Systems and Policies* 8, no. 1 (2006).

## Nok helsepersonell med rett kompetanse

Forsking, utdanning av helsepersonell, opplæring av pasient og pårørande og pasientbehandling er lovpålagde oppgåver for spesialisthelsetenesta. Helsevesenet skal førebyggje, diagnostisere og behandle sjukdom og legge til rette for helsebringande åferd i befolkninga. For å løyse disse oppgåvene er ein avhengig av kunnskap og nok kompetent personell som har forståing for sjukdomsførekost og årsaker, korleis ein kan påvise sjukdom, korleis ein kan førebyggje sjukdom. Korleis ein kan organisere helsetenesta på ein best mogleg måte for å oppnå maksimal utnytting av dei økonomiske og menneskelege ressursane ein treng for å takle dagens- og framtidas helse og omsorgstenester på ulike nivå er også avgjerande. Medisinsk og helsefagleg forsking og innovasjon kan i så måte gje verful og grunnleggande kunnskap<sup>38</sup>.

Fokuset på nok helsepersonell med rett kompetanse står sterkt i FIUK-planen. Dette er ikkje ei ny problemstilling i norsk helse- og sosialpolitikk<sup>39</sup>. Dersom ein går tilbake i tid kan ein lese i nasjonale, politiske styringsdokument at behovet for nok kompetanse i helse og sosialsektoren på ulike nivå har vore ei politisk «bekymring» i fleire ti-år. Ser ein på kompetansebehovet i høve dagens helse- og sosialtenester har dette ikkje blitt mindre<sup>40</sup>. Store demografiske endringar med fleire eldre – og fleire eldre med multiple diagnosar – vil bli ei spesiell utfordring framover. Utfordringa blir ikkje mindre når levealderen, både blant kvinner og menn i Noreg, er stigande. Dette er faktorar som skapar usikkerheit om korleis ein skal greie å løyse kompetansebehovet og utfordringane i helse og omsorgssektoren i framtida<sup>41</sup>.

Sjølv om Norge har ein helse- og sosialsektor som er prega av god standard internasjonalt, er den oppstykka og manglar heilskap<sup>42</sup>, og pasientar med samansette behov blir spesielt råka i ein slik samanheng<sup>43</sup>. Mange brukarar opplever at dagens helse- og omsorgstenester som lite koordinerte, og der ulike faggrupper arbeidar kvar for seg. Dette fører til at fleire brukarar har behov for tenester frå fleire spesialeiningar, men utfordringa er ofte mangelfull samhandling, informasjons- og kompetansedeling. Styresmaktene peikar også på at sjølv om det over fleire år har vore eit politisk mål å legge til rette for brukarinvolvering, skjer dette heller ikkje i tilstrekkeleg grad. Manglande dataunnskap og manglande leiarkompetanse blir også peika på som sentrale. Det vert også gjerne trekt fram at helse- og omsorgstenestene

<sup>38</sup> NOU (2005: 1) God forsking – bedre helse. Tilgjengeleg: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2005-01/id389605/>

<sup>39</sup> Sosial- og helsedepartementet (1997) *Rett person på rett plass. Handlingsplan for helse- og omsorgspersonell 1998-2001*. Oslo: August 1997. Tilgjengeleg: <https://www.nb.no/nbsok/nb/43091fc211af1a55345d27f6b2e53f5c?lang=no#0>

<sup>40</sup> Meld. St. 11 (2015-2016) Nasjonal helse- og sykehushusplan. Tilgjengeleg: <https://www.regjeringen.no/contentassets/7b6ad7e0ef1a403d97958bcb34478609/no/pdfs/stm201520160011000dddpdfs.pdf>

<sup>41</sup> Kvam, B (2017) *Rett kompetanse til rett tid*. Tilgjengeleg: <http://www.arbeidslivinorden.org/artikler/leder/leder-2017/article.2017-09-18.5959299599>

<sup>42</sup> Meld. St. 26 (2014-2015) Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet. Tilgjengeleg:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/d30685b2829b41bf99edf3e3a7e95d97/no/pdfs/stm201420150026000ddpdps.pdf>

<sup>43</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2015): Økt kompetanse, betre leiing og teamorganisering: fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet. Tilgjengeleg: <https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/helse-og-omsorgstjenester-i-kommunene/innslikt/fremtidens-primarhelsetjeneste--narhet-og-helhet/id2410463/>

ikkje er pro-aktive nok; ei heller er tenestene gode nok til å tiltrekke seg nok og rett kompetanse<sup>44</sup>.

Ei anna vesentleg problemstilling ein må ta omsyn til i framtidas helsesektor er at dei store teknologiske og digitale endringane også fordrar ny og anna kompetanse - fort. Endringane krev også nye måtar å tenke leiarskap på<sup>45</sup>. Raske endringar aukar behovet for rett kompetanse, og mulegheita til etter- og vidareutdanning internt i organisasjonen blir hyperaktuelt<sup>46,47</sup>. Det å planlegge for ny kompetanse til rett tid er krevjande, og det er velkjent at ikkje alle medarbeidarar i ein organisasjon er like motiverte for å måtte etter- og vidareutdanne seg<sup>48</sup>. Det er eit viktig grep i ein organisasjon å utnytte denne humankapitalen på ein best muleg måte<sup>49</sup>. Ei anna utfordring er om HMR som verksemd, har dei ressursane som fordrast for å skolere alle dei tilsette som treng vidareutdanning. Det kan vere behov for å tilegne seg ny kunnskap grunna stadig nye omorganiseringar, teknologiendringar og kompetansekrav. Forskarar og politikarar er einige om at knappheit på nok – og rett - kompetanse vil bli markant innan helse- og omsorgssektoren i åra som kjem<sup>50,51,52</sup>. Både spesialisthelsetenesta og kommunane i Møre og Romsdal kan kome til å bli spesielt hardt råka då mange ungdommar flyttar ut av fylket og ikkje kjem tilbake<sup>53</sup>. Små kommunar med mange eldre kan kome i ein spesiell «skvis» der innbyggjarane kan risikere å ikkje få nødvendig og kvalitative helse- og omsorgstenester<sup>54</sup>. Dersom HMR – og kommunane - ikkje greier å tiltrekke seg dei beste hendene og dei kloke hovuda kan dette resultere i at viktige helsetenester ikkje lenger blir tilgjengelege i fylket<sup>55</sup>.

Under ser vi nærmare på no-situasjonen innan områda forsking, innovasjon, utdanning og kompetanse i HMR per oktober 2017.

<sup>44</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2015): Økt kompetanse, betre leiing og teamorganisering : fremtidens primærhelsetjeneste – nærlhet og helhet. Tilgjengeleg: <https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/helse-og-omsorgstjenester-i-kommunene/innslikt/fremtidens-primarhelsetjeneste-narhet-og-helhet/id2410463/>

<sup>45</sup> OECD (2014), OECD Reviews of Health Care Quality: Norway 2014: Raising Standards, OECD Publishing. Tilgjengeleg: <http://dx.doi.org/10.1787/9789264208469-en>

<sup>46</sup> Kvam, B. (2017) Rett kompetanse til rett tid. Tilgjengeleg: [http://www.arbeidslivorden.org/artikler/leder/leder-2017/article.2017-09-18\\_5959299599](http://www.arbeidslivorden.org/artikler/leder/leder-2017/article.2017-09-18_5959299599)

<sup>47</sup> OECD (2014), OECD Reviews of Health Care Quality: Norway 2014: Raising Standards, OECD Publishing. Tilgjengeleg: <http://dx.doi.org/10.1787/9789264208469-en>

<sup>48</sup> Teige, B. K. (2006), Development and implementation of the Norwegian Competence Reform Program : rhetoric and reality. (PhD). Leeds: University of Leeds, United Kingdom.

<sup>49</sup> Kvam, B. (2017) Rett kompetanse til rett tid. Tilgjengeleg: [http://www.arbeidslivorden.org/artikler/leder/leder-2017/article.2017-09-18\\_5959299599](http://www.arbeidslivorden.org/artikler/leder/leder-2017/article.2017-09-18_5959299599)

<sup>50</sup> NOU (2007:2) Pasienten først! — Ledelse og organisering i sykehus. Tilgjengeleg: <https://www.regjeringen.no/contentassets/870fc08fede6426188a9373cdab88380/no/pdfa/nou199719970002000dddpdfa.pdf>

<sup>51</sup> Meld. St. 11 (2015-2016) Nasjonal helse- og sykehushusplan (2016-2019). Tilgjengeleg: <https://www.regjeringen.no/contentassets/7b6ad7e0ef1a403d97958bcb34478609/no/pdfs/stm201520160011000dddpdfs.pdf>

<sup>52</sup> Helse Vest RHF (2017) Dokumentasjon nasjonal bemanningsmodell. Sluttrapport. Tilgjengeleg: [https://www.regjeringen.no/contentassets/5d58cd92864846f49e3b5ebf374063ce/vedlegg2\\_dokumentasjon\\_nasjonal\\_bemanningsmodell.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/5d58cd92864846f49e3b5ebf374063ce/vedlegg2_dokumentasjon_nasjonal_bemanningsmodell.pdf)

<sup>53</sup> «Utviklingstrekk i Møre og Romsdal. Kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi 2016-2020», Møre og Romsdal Fylkeskommune (2015), <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analysen/Utviklingstrekk-i-Moere-og-Romsdal>

<sup>54</sup> KS (2010) Strategisk kompetanseutvikling i kommunene. Rapport. Asplan Viak/Fafo. Tilgjengeleg: <http://www.ks.no/globalassets/blokker-til-hvert-fagomrade/arbeidsgiver/arbeidsgiverpolitiske/foustrategiskkompetanseutviklingikommunene.pdf?id=2831>.

<sup>55</sup> Hagelien, Even, Sykepleien.no, Gode tider for helsevikerar, 11.05.16. <https://sykepleien.no/2016/05/sa-stoore-er-de>

## NO-situasjonen forsking og innovasjon

HMR har klare ambisjonar om å bygge ei kunnskapsbasert helseteneste til beste for pasient og pårørande. Forsking og innovasjon som går føre seg i føretaket er viktige faktorar for å generere ny kunnskap på kjende og ukjende område. Forskinga (og forskingsdriven innovasjon) skjer ofte i skjeringspunktet der teori og praksis møtes (translasjonsforskning). Like så viktig som forsking og innovasjon går føre seg, er det å ta i bruk og gjere resultata kjend og implementert.

Medisinsk og helsefagleg forsking og utvikling er i stor grad offentleg finansiert<sup>56</sup>. Midlane frå Helse og omsorgsdepartementet går i hovudsak til basisbevillingar til helseføretak, og Kunnskapsdepartementet finansierer i hovudsak UH-sektoren<sup>57</sup>. Helse Møre og Romsdal får kvart år overført øyremerka midlar til forsking gjennom årleg Oppdragsdokument frå Helse Midt-Norge RHF.

I HMR har vi seinare åra fått auka fokus på viktigheita av å drive forsking og innovasjon, noko vi vil vise i punkta under:

- ✓ Per dato er det 27 tilsette i Ph.d-løp – dei fleste av desse har medisinsk bakgrunn. Tre av kandidatane har sjukepleiefagleg bakgrunn. 16 Ph.d-søknadar er til vurdering for stipend i Samarbeidsorganet HMN//HMR for 2018 som betyr at ein frå januar 2018 kan ha totalt 30+ kandatar i løp;
- ✓ Totalt er det +/-25 tilsette som er aktive forskarar med doktorgrad-/postdoktorbakgrunn/professorbakgrunn. Nokre av dei aktive forskarane er i ferd med å nå professorkompetanse;
- ✓ I samarbeid med HMN, Helse Nord-Trøndelag og St. Olavs hospital er det etablert felles stillingar innan områda monitorering/kvalitetssikring forsking, statistikar, og personvernombod for forsking;
- ✓ 10 seniorforskarar betalt av HMN er/eller blir i nær framtid tilsette i II-stillingar på NTNU Medisin og helseteknologi;
- ✓ HMR har fem tilsette i 20 prosent stilling som forskingsrådgjevarar. Alle er aktive forskarar med ph.d-grad eller høgre, og dei fleste har definerte oppgåver på klinikknivå;
- ✓ Det er tilsett ein forskingsrådgjevar på postdoktornivå i 50 prosent. Den andre delen av stillinga er på NTNU/St. Olavs hospital;
- ✓ Sjølv om ein har reglar og rutinar, er det – og har det vore - ei stor utfordring å få klinikke til å melde frå om pågåande prosjekt i klinikke. Spesielt gjeld dette medikamentstudiar og masteroppgåver. Prosjekt finansiert av HMR/ HMN/ Samarbeidsorganet og Forskningsrådet med feleire har ein rimeleg god oversikt over;

<sup>56</sup> NIFU (2013) Ressursinnsatsen i medisinsk og helsefaglig FoU i 2011: En analyse basert på FoU-statistisk materiale. Tilgjengeleg: <http://hdl.handle.net/11250/280437>

<sup>57</sup> HelseOmsorg21-strategien (2014) s.22-23 – Tilgjengeleg: <https://www.forskningsradet.no/prognett-helseomsorg21/Forside/1253985487298>

- ✓ I samarbeid med HMN/St.Olavs hospital er det etablert eigen forskingspost og forskingsbiobank (Biobank1) i HMR (2017). Denne blir offisielt opna 27. oktober 2017.
- ✓ HMR har vore initiativtakar til etableringa av det studiepoenggivande kurset *Helseforskning – frå idé til prosjektprotokoll* (7.5 stp). Kurset er ei strategisk satsing mellom HMR og Helse Nord-Trøndelag – i regi av NTNU og med føremål å rekruttere fleire tilsette inn i doktorgradsløp;
- ✓ Gjennom eigne infrastrukturmidlar har føretaket valt å satse på å bygge opp forskingskompetansen innan ortopedimiljøa i (Kristiansund og Ålesund). 2017 vart dette prosjektet utvida til å gjelde alle ortopedimiljøa i føretaket)
- ✓ Klinikk for medisin og rehabilitering har fått infrastrukturmidlar for oppbygging av forsking i eigen klinikk;
- ✓ Rus og psykiatri har fått midlar direkte frå HMN for oppbygging av forsking i eigen klinikk;
- ✓ Andre miljø som har utmerka seg med aktiv forskingsoppbygging er nevrologimiljøet i Molde (Klinikk for medisin og rehabilitering);
- ✓ Med unntak av klinikk for drift og eigedom, er det per dato registrert forskingsaktivitet/ph.d-kandidatar i alle klinikkane i føretaket;
- ✓ Sjølv om HMR nasjonalt ligg nest nedst på rangstigen over driftskostnadene til forsking<sup>58</sup>, greier forskarane å få til mykje forsking til ein heller lav pris. Dette kan tolkast på fleire måtar – mellom anna at forskarane brukar fritida si til å skrive artiklar
- ✓ Det har vore ei jamn auke i tal på fagfellevurderte artiklar med deltaking frå HMR, frå 30 stykk i 2011 til 51 stykk i 2016<sup>59</sup>

## Forsking i eit samhandlingsperspektiv

- ✓ Forskarar og ph.d-studentar frå HMR samarbeidar med andre forskarmiljø lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt;
- ✓ Det er sett i gong fleire multisenterstudiar med prosjektleiing i føretaket. Her kan nemnast Nordstenstudien (17 senter) og BIO-stop-studien (27 senter);
- ✓ Helsetenester i reformtid - ei satsing på samhandlingsforskning mellom HMR, HNT, St. Olavs hospital, NTNU Ålesund, kommunar i Midt-Norge – har mellom anna fått ressursar frå HMN (KNOP-midlar) til oppstart av tiltaket. Nokre av områda for forsking er øyeblikkelig hjelp døgnopphold (ØHD) i kommunar på Sunnmøre, organisatoriske perspektiv på helsetenester, omsorg og brukarmedverknad ved kritisk sjukdom samt pasientforløp og innovasjon i helsetenester. Det er også planlagt forsking om ØHD i Ålesund kommune. Ph.d studentar og masterstudentar deltek i gruppa. Per dato er det utgitt 10 fagfellevurderte artiklar og 12 er under arbeid for publisering seinhaustes 2017/2018<sup>60</sup>;

<sup>58</sup> Wiig, Ole og Bjørn Mangen Olsen (2017) Ressursbruk til forsking i helseforetakene i 2016. Tilgjengeleg:

<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2454252/NIFUrapport2017-18.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

<sup>59</sup> CRISTIN. Statistikk NVI 2011-2016. Tilgjengeleg: <https://www.cristin.no/statistikk-og-rapporter/nvi-rapportering/nvi.html>

<sup>60</sup> Hole, T., Barstad, J., Teigen, S., & Kvangarsnes, M. (2015). Øyeblikkleg hjelp-døgnopphald i seks kommunar på Sunnmøre. Tidsskrift for Den norske legeforening; Kleppe, T., Haavik, S., Kvavarsnes, M., Hole, T., & Major, A.-L. S. (2017). Mangefull legemiddelsamstemming i sjukehus. Sykepleienforskning; Kvavarsnes, M., & Hole, T. (2016). Pasientmedverknad under kutt forvringing av KOLS - erfaringar frå

- ✓ HMR har tett dialog med brukarorganisasjonane på området forsking. Det er også utarbeida en regional plan for brukarmedverknad i Helse Midt-Norge<sup>61</sup> som HMR arbeidar ut i frå;
- ✓ Ein jobbar også tett med det private næringslivet og her kan nemnast spesielt etableringa av prosjekt innan helse og maritime ingrediensar, til dømes prosjektet Blue LegaSea;
- ✓ HMR har vore aktiv deltar i utviklinga av Møre og Romsdal fylkeskommune sin forskings- og innovasjonsstrategi 2017-2020<sup>62</sup> HMR ved klinikksjef /Ph.d Torstein Hole og Professor Marit Kvangersnes vart tildelt Brukarutvalet i Helse Midt-Norge RHF sin forskingspris i 2017 for forsking på samhandling.

## Status innovasjon

Strategisk satsing på innovasjon er eit heller nytt område for HMR. Helse Midt-Norge (HMN) sette i 2016 i gang arbeidet å utvikle eigen strategi for innovasjon i perioden 2016-2021. Som ein del av strategien blei det tilsett 4 innovasjonsrådgjevarar i regionen i 2017 – løna av HMN. Rådgjevarane har sitt fokusområdet i eige føretak, men er også del av eit regionalt nettverk. For å styrke infrastrukturen innanfor systematisk innovasjonsarbeid er det etablert eit system kalla *Idémottaket*. Systemet vil være til hjelp i oppfølging og gjennomføring av innovasjonsprosjekt og samtidig senke terskelen for deling av idéar og resultat. Innovasjonsrådgjevarane ved helseføretaka skal ha ansvar for drift av systemet. Ei vesentleg tilråding frå arbeidsgruppa for innovasjon i FIUK-planen er at HMR vidareutviklar *Kontinuerlig forbetring* som sin hovudstrategi for føretaket si kvalitetsforbetring og evne til endring. Gjennom omstilling skal ein nå framtidsretta helsetenester med pasienten i fokus. Gjennom kontinuerlig forbetring skal ein utføre tenester av høg kvalitet, samt frigjere kapasitet, tid og økonomi til å kunne investere og vidareutvikle tenestetilbodet.

## Innovasjon i eit samhandlingsperspektiv

- ✓ Nettverket av innovasjonsrådgjevarar i HMN samarbeider med NTNU TTO, NTNU, Innomed og sjukehus i andre helseføretak samt med næringslivet.

intensivsjukepleiarar. BestPractice, 6; Kvangersnes, M., Hole, T., Teigen, S., & Teige, B. K. (2016). Samhandlande praksis som innovasjon. In M. Kvangersnes, J. I. Håvold, & Ø. Helgesen (Eds.), Innovasjon og entreprenørskap (pp. 188-209). Oslo: Universitetsforlaget; Kvangersnes, M., Håvold, J. I., & Helgesen, Ø. (2016). Innovasjon og entreprenørskap mellom fjord og fjell. In M. Kvangersnes, J. I. Håvold, & Ø. Helgesen (Eds.), Innovasjon og entreprenørskap (pp. 13-30). Oslo: Universitetsforlaget; Kvangersnes, M., Torheim, H., Hole, T., & Crawford, P. (2013). Nurses' perspectives on compassionate care for patients with exacerbated chronic obstructive pulmonary disease. *J Allergy Ther*, 4(6), 1-6; Kvangersnes, M., Torheim, H., Hole, T., & Öhlund, L. S. (2013). Intensive care unit nurses' perceptions of patient participation in the acute phase of chronic obstructive pulmonary disease exacerbation: an interview study. *Journal of advanced nursing*, 69(2), 425-434. doi:10.1111/j.1365-2648.2012.06021.x; Kvangersnes, M., Torheim, H., Hole, T., & Öhlund, L. S. (2013). Narratives of breathlessness in chronic obstructive pulmonary disease. *Journal of clinical nursing*, 22(21-22), 3062-3070; Tyrholm, B. V., Kvangersnes, M., & Bergem, R. (2016). Mellomlederes vurdering av kompetansebehov i sykepleie etter samhandlingsreformen. In M. Kvangersnes, J. I. Håvold, & Ø. Helgesen (Eds.), Innovasjon og entreprenørskap (pp. 174-187). Oslo: Universitetsforlaget; Tarberg, A. S., Kvangersnes, M. Hole, T. (2016) Helsepersonell sine erfaringar med palliative pasientforløp. In M. Kvangersnes, J.I. Håvold & Ø. Helgesen(Eds), Innovasjon og entrepenørskap (pp 233 248). Oslo: Universitetsforlaget.

<sup>61</sup> Strategi for brukermedvirkning i Helse Midt-Norge (2007) Tilgjengeleg: <https://ekstranett.helse-midt.no/1001/reg-brukerutvalg/Presentasjoner/Strategi%20for%20brukermedvirkning.pdf>

<sup>62</sup> Møre og Romsdal fylkeskommune (2017) Forskins- og innovasjonsstrategi for kommunal sektor 2017-2020. Tilgjengeleg: <https://interweb.mrfylke.no/Tenesteomraade/Regional-og-naeringsutvikling/Forsking-utvikling-og-innovasjon>

- ✓ HMN lyser ut årlege innovasjonsmidlar. HMR fekk tilslag på ein søknad i 2016 og tre søknader i 2017.
- ✓ Fokus framover er å hente midlar frå heile verkemiddelapparatet nasjonalt.

## No-situasjonen utdanning og kompetanse

Helse Midt-Norge RHF (HMN) har utarbeidd eigen strategi- og handlingsplan for utdanning og kompetanseutvikling for perioden 2015-2019. Strategien sine overordna målsetjingar er at Helse Midt-Norge skal<sup>63</sup>:

1. Utdanne helsepersonell til heile helsetenesta og sikre god kvalitet og relevans
2. Forvalte og utvikle kompetanse for å møte befolkninga sitt behov og forventningar til kvalitet i spesialisthelsetenesta
3. Sikre at føretaksgruppa tek i vare ansvaret for utdanning og kompetanseutvikling med god systematikk, dokumentert kvalitet og at aktivitet er i tråd med behova

## Status utdanning

- ✓ HMN (og HF-a) skal bidra til at utdanningar (på ulike nivå) er i tråd med tenestene og befolkninga sine behov.
- ✓ Det finnes per i dag ikkje strategi for rekruttering eller fullverdig oversikt over antal lærlingar i HMR. Lærlingordninga bør kanskje i større grad kome på strategikartet i framtida.
- ✓ Støtteinfrastruktur, som til dømes ein koordinator, for ph.d.-kandidatar tilknytt føretaket er etablert og konseptet skal vidareutviklast.
- ✓ Det har kome fleire forskingsartiklar frå tilsette i føretaket - og som også har hatt brukar/pasientmedverknad. Artiklane er brukt aktivt i undervisningsøyemed lokalt og nasjonalt, til dømes på pensumlista til Universitetet i Oslo<sup>64</sup>.

## Utdanning i eit samhandlingsperspektiv

- ✓ HMN (og HF-a) skal samarbeide med utdanningssektoren og kommunane om utdanning av framtidas helsepersonell og involvere pasientar /brukarar i utviklinga av utdanning.
- ✓ HMR har invitert UH-sektoren og fylkeskommunen/vidaregåande opplæring til breitt samarbeid. Det blir i desse dagar inngått avtalar om felles rettleiing av doktorstudentar, masterstudentar og bachelorstudentar, og der datasanking skal skje i føretaket.
- ✓ Det vert årleg arrangert mellom 15 og 25 ulike faglege møter mellom helseføretaket og kommunane i fylket. Initiativa kjem frå ulike felles fagnettverk, og fagmiljø både i føretaket og kommunane.

---

<sup>63</sup> Helse Midt-Norge RHF (2015) Strategi for utdanning og kompetanseutvikling i Helse Midt-Norge 2015-2020. Tilgjengeleg: <https://helse-midt.no/Documents/Utdanning/Strategi%20for%20utdanning%20og%20kompetanseutvikling%20i%20Helse%20Midt-Norge%202015-2020%20vedtatt%20i%20styret%20mars%2015%29.pdf>

<sup>64</sup> Universitetet i Oslo. Kursside: Samhandling og koordinering i kommunale helse- og omsorgstjenester <http://www.med.uio.no/helsam/forskning/forskerskoler/muni-health-care/arrangementer/2017/samhandling-og-koordinering.html>

- ✓ HMR har ikkje nok praksisrettleiarar eller nok arbeidsoppgåver til alle studentane som blir tatt opp i samarbeidande utdanningsinstitusjonar. I dette ligg det at det ikkje er godt nok samsvar mellom opplæringsmåla i utdanningane og kva for type praksis som kan gis av spesialisthelsetenest. Eksempelvis har ikkje spesialisthelseteneste like mange inneliggjande pasientar som før (omlegging til dagkirurgi/poliklinisk behandling), og praksisen som er bakt inn i eksempelvis sjukepleieutdanningane er ikkje råd å gjennomføre på same måte som i tidlegare tider<sup>65</sup>.
- ✓ HMR samarbeider tett med HMN, HNT, St. Olavs hospital og UH-sektoren i regionen i spørsmål som angår bemanning og kompetanseutfordringar. Det er etablert eige Samarbeidsorgan for dei ulike aktørane der ein mellom anna diskuterer spørsmål og problemstillingar som angår utdanning, forsking og innovasjon.

## Status kompetanse

- ✓ Per dato mangler HMR – og resten av helsesektoren - tilgang på gode styringsdata/samdata/system som kan gi enkel og rask innsikt i kva for kompetanse ein har til ei kvar tid og kva for kompetanse ein treng<sup>66</sup>, <sup>67</sup>. Slike data er kritisk for både stab og klinikkar for å kunne være i forkant med å leggje kortskiftige og langsiktige strategiplanar både på føretaksnivå og i klinikke.
- ✓ Ca 40 ulike profesjonsgrupper arbeidar i føretaket. Kor mange som arbeidar på kva profesjonsområde, og kva for stillingsprosent kvar tilsett har, har ein oversikt over, men ikkje kor ein manglar kompetanse på kort og lang sikt. Per dato må ein manuelt gå igjennom arbeidskontraktane, og så lage manuell statistikk ut frå opplysningane ein finn i denne. Det er heller ikkje kjent korleis klinikke og stabsavdelingane driv strategisk rekruttering og kompetansebygging;
- ✓ På grunn av HMR HF sin økonomiske situasjon, er eit bemanningsutval på føretaksnivå oppretta for å holde kontroll med stillingar som blir lyst ut. Utvalet er leia av HR-direktøren og økonomidirektøren;
- ✓ Informasjon frå HR-avdelinga viser at det er meldt inn vanskar med å rekruttere tilsette med mellom anna følgjande kompetanse: Psykiater, onkolog, nevrolog, lungelege, kardiolog, geriatriker, medisinsk biokjemi (transfusjonsmedisin), patologar, gynekologar, psykologar-/psykologspesialister, jordmødre, sosionomar, sjukepleiarar, helsesekretær. Per dato har ein ikkje greidd å hente inn fullgode data på kor kritisk kompetansemangelen er på dei ulike områda - men HR-avdelinga jobbar med å få fram handfaste tal via kontakt med kvar klinik, avdeling, seksjon.

---

<sup>65</sup> Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanninger, høringsfrist 21.04.2017:  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing/id2527734/>

<sup>66</sup> Helsedirektoratet (2014) Personell- og kompetansesituasjonen i helse- og omsorgstjenestene. Tilgjengeleg:  
<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/915/Nasjonalt-personellbilde-personell-og-kompetansesituasjonen-i-helse-og-omsorgstjenestene-IS-2248.pdf>

<sup>67</sup> Helsedirektoratet (2017) Kompetanseløftet 2020. Oppgåver og tiltak for budsjettåret 2017. Tilgjengeleg:  
[https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/1349/I-S-2560\\_Kompetanseløft%202020\\_Oppgåver%20og%20tiltak%20for%20budsjettåret%202017.pdf](https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/1349/I-S-2560_Kompetanseløft%202020_Oppgåver%20og%20tiltak%20for%20budsjettåret%202017.pdf)

Den Nasjonale bemanningsmodellen som er i ferd med å utviklast i regi av HMN er tenkt å avhjelpe denne problemstillinga<sup>68</sup>;

- ✓ Føretaket driv omfattande opplæring av studentar, legar og LIS-legar. Med +/- 1000 studentar gjennom systemet kvart år skjer det ein betydeleg innsats på området kompetanseoverføring;
- ✓ Når det gjeld opplæringsansvarlege i klinikkane (tilsette som har ansvaret for internopplæringa), finnes det ikkje statistikk, oversikt eller tal på kor mange som driv slik verksemd, kor stor stillingsprosent dei har, kva for oppgåver dei er tillagde osv;
- ✓ Mange sjukepleiarar går i reduserte stillingar i føretaket, mellom anna fordi det ikkje er mogleg å få til turnusar som gir rom for heile stillingar utan at talet på årsverk aukar tilsvarende. Utfordringa er få dekt opp helg/kveld/natt med nok hender, samstundes som dei tilsette får gå i høgast mulig stillingsprosent. På nasjonalt nivå veit ein at det er ein betydeleg «pool» av kompetanse som ikkje er teken i bruk<sup>69</sup>. I staden for å leige inn dyr arbeidskraft via byrå ligg det eit betydeleg potensiale for utnytting av eksisterande arbeidskraftreserve på ein betre måte enn ein gjer i dag;
- ✓ Å rekruttere nok spesialsjukepleiarar – og då spesielt AIO (anestesi, intensiv og operasjonssjukepleiarar) - er sett på som prekær i HMR. Dette gjer at ein brukar store summar kvart år til å leige inn denne type arbeidskraft. Etter ei grundig kartlegging av det eigentlege behovet for spesialsjukepleiarar i 2015/2016 – sjå tabellen under - kom leiinga i føretaket fram til at det måtte satsast på ekstra utdanningsstipend for AIO-sjukepleiarer fleire år framover for å dekkje behovet<sup>70</sup>.

**Tabell: Rekrutteringsbehov spesialsjukepleiarar HMR**

|  | Anestesi | Operasjon | Intensiv  |
|--|----------|-----------|-----------|
| Antal over 60 år                                 | 15       | 20        | 43        |
| Antal forventa uteksaminert 2017                 | 11       | 12        | 11        |
| Antal forventa uteksaminert 2018                 | 0        | 0         | 10        |
| <b>Antatt udekka utdanningsbehov 1. jan 2019</b> | <b>7</b> | <b>10</b> | <b>22</b> |

Kilde: Innhenta tal frå seksjonane pr. oppstart studieåret 2016/2017

- ✓ LIS-lege-utdanninga er lagd om til det som er omtala som LiS1, LiS2 og LiS3. Helsedirektoratet legg føringar gjennom den nye Spesialistforskriften<sup>71</sup>. Dersom HMR får godkjenning som utdanningsinstitusjon reknar ein med å ha totalt 240 Lislegar i systemet per år ved fullført implementering. Dette stiller store krav til både organisering, kvalitetssikring og at ein har dedikerte og godt utdanna rettleiarar på dei ulike spesialistområda. Det er sett ned ei eiga arbeidsgruppe som er bindeledd

<sup>68</sup> Helse Vest RHF (2017) Dokumentasjon nasjonal bemanningsmodell. Sluttrapport. Tilgjengeleg:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/5d58cd92864846f49e3b5ebf374063ce/vedlegg2\\_dokumentasjon\\_nasjonal\\_bemanningsmodell.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/5d58cd92864846f49e3b5ebf374063ce/vedlegg2_dokumentasjon_nasjonal_bemanningsmodell.pdf)

<sup>69</sup> Helsedirektoratet (2014) Personell- og kompetansesituasjonen i helse- og omsorgstjenestene. Tilgjengeleg:

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/915/Nasjonalt-personellbilde-personell-og-kompetansesituasjonen-i-helse-og-omsorgstjenestene-IS-2248.pdf>

<sup>70</sup> Styret for Helse Møre og Romsdal (2015) Kompetanse og rekrutteringsbehov i HMR. Styresak 2015/67 (under pkt. Spesialsykepleiere).

<sup>71</sup> Lovdata. (2016). Forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for leger og tannleger (spesialistforskriften). Tilgjengeleg:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-12-08-1482>

- mot RegUt (regionalt organ med overordna ansvar for utdanninga i RHFet lokalisert på St. Olavs hospital HF);
- ✓ Læringsportalen har som føremål å marknadsføre og dokumentere ulike læringstiltak og konsept, kurs og konferansar;
  - ✓ Kompetanseportalen dokumenterer gjennomføring av alle typar kurs frå Læringsportalen. Det er arbeidd med implementering av portalen i HMR HF siste to åra;
  - ✓ Det er ikkje gjort noko kartlegging i bruken av e-læring og simulering i føretaket. E-læring kan nyttast i staden for klasseromskurs når dette er hensiktsmessig, medan simulering er hensiktsmessig når det er snakk om ferdighetstrening og utvikling knytt til bruk av IT programvare, medisinsk teknisk utstyr, undersøkingar og behandling, trening i team og ved mengdetrenings.

### **Kompetanse i eit samhandlingsperspektiv**

- ✓ Føretaket har sett i gong fleire tiltak for å betre pasientflyten mellom føretaket og kommunesektoren. Vidare er det utvikla fleire pakkeforløp for kreft mm. I sum kan slike tiltak sjåast på som kompetanseoverføring/kompetansedeling mellom spesialisthelsetenesta, kommunesektoren, brukarane, utdanningssektoren, tillitsvalde mfl.;
- ✓ HMR samarbeider med UH-sektoren, til dømes på området for simulering kor studentar øver seg på gitte arbeidssituasjonar;
- ✓ Føretaket er aktivt med i arbeidet med å arrangere felles planleggingsdagar, felles kurs for tilsette i kommunesektoren/føretaket mm. Det vert årleg arrangert mellom 15 og 25 ulike faglege møter mellom helseføretaket og kommunane i fylket. Initiativa kjem frå ulike felles fagnettverk, og fagmiljø både i føretaket og kommunane.

Oppsummert er det mange område som er definert i strategi og handlingsplanen som vil være kritisk for føretaket å få implementert på ein god måte.

## **Vidare**

FIUK-planen skal være eit aktivt og levande dokument. For å lukkast med implementering treng ein å arbeide med forankring, involvering og operasjonalisering. Under presenterer vi nokre tiltak som bør setjast i verk straks planarbeidet er styrehandsama.

1. **Setje ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på punkta i mandatet som vart utsatt**

Som nemnt i innleiinga måtte arbeidsgruppene grunna tidsaspektet, som vart sett for planarbeidet, utsette to av mandatpunktata. Gruppene rår til at det vert sett ned eit eige utval beståande av representantar frå arbeidsgruppene som har utarbeidd strategi- og handlingsplanen. Arbeidsgruppa skal komme med framlegg når det gjeld implementering av planarbeidet. Aktuelle spørsmål kan vere knytt til oppgåvedeling og organisering av FIUK mellom stab og klinikkar. Arbeidsgruppa skal også komme

med framlegg til framtidig utvalsstruktur for dei fire strategiområda forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling.

## 2. **Arbeidsgruppene bør nyttast i implementeringsprosessen**

Arbeidsgruppene som har vore sett ned for å forme FIUK-planen kan definerast som «eit samlag» som har hatt som føremål «å samhandle» på tvers av interessefelt, regionar, profesjonar og ansvarsområder. Ein har observert stort engasjement og godt samspel i planarbeidet. Ein rår derfor til at same arbeidsgrupper bør kunne nyttast aktivt i implementeringsarbeidet. I så måte bør leiinga gi dei i oppdrag å gå inn i ei meir formell og aktiv rolle som «implementørar». Eksempelvis kan dei få i oppdrag å kome saman to gonger i året der dei vel ut mål, delmål og strategiar frå planane som ligg føre, og legg ein konkret plan i høve måloppnåing. Same grupper bør nyttast til å evaluere kva for mål ein har nådd og kva for vidare mål ein skal ha fokus på. På denne måten sikrar ein kontinuitet i implementeringsarbeidet, ein byggjer kultur og relasjonar, ein samhandlar om viktige strategiar og tiltak og ein utøver og tilfører kvarandre kompetanse og forståing for at ein må arbeide saman for å få til ei framtidsretta helseteneste på pasienten sine premissar.

## 3. **«CampusHMR.com»**

Nok helsepersonell med rett kompetanse er bærebjelken i ein kvar organisasjon som yter helsetenester. Skal HMR lykkast med å tiltrekke seg naudsynt kompetanse i framtida må det setjast i verk tiltak på fleire område. Ei utfordring i ein stor organisasjon som HMR er til ei kvar tid å ha oversikt over kompetansebehovet på kort og lenger sikt innafor dei ulike yrkeskategoriane. Per dato er det ikkje gode nok analyseverktøy eller rutinar for at ein skal ha ei kvalitativ og samordna oversikt over behovet for opplæring og kompetanseheving i organisasjonen. Skal ein lykkast å sjå forsking, innovasjon, utdanning, kompetanseutvikling og rekruttering i eit samordna perspektiv bør ein sørge for betre kontroll og oversikt i eigen organisasjon. Eit tiltak kan vere å etablere eit eige senter eller akademi – «CampusHMR.com».

Senteret/campusen som kan være både fysisk og virtuelt, kan ha som føremål å samle eksisterande fagfolk på FIUK-området samt HR-kompetanse spesielt mot vidareutvikling og samarbeid om rekruttering, elektroniske plattformar, forskingsstrategiar, innovasjonsstrategiar, utdanning, kurs og konferansar, e-læring, simulering, bestillingsoppdrag, statistikk og analyse på kompetanseområdet med meir. Eit slikt miljø vil mellom anna kunne hjelpe med å gjere klinikkvise analyser, støtta med spesialkompetanse på FIUK-området/rekrutteringsstrategiar. Ein vil også kunne «rigge» innsatsteam som kan hjelpe klinikkanne til å planlegge kompetansebehovet på ein kunnskapsbasert måte. Eit slikt kompetansemiljø vil også opplevast kunne som meir samla og heilskapleg overfor viktige samarbeidspartar.

Eit konsept som dette vil krevje nærmare utgreiing.

I neste, og siste del av FIUK-planen, presenterer vi handlingsplanane til strategiområda forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling.

# **DEL III**

## **HANDLINGSPLANAR**

# HANDLINGSPLAN FORSKING

| Mål og delmål   | Korleis gjer vi det?  | Ansvar                                 |
|---|---|--|
| <b>Mål 1: FORSKINGSKULTUR: auke talet på aktive forskarar gjennom ei generell satsing på forsking i HMR</b>   |   |  |
| <b>Delmål 1a:</b><br><b>Fremje generell satsing på forsking og fagutvikling og skape ein kultur der både leiinga og dei tilsette ser dei positive effektane av denne type arbeid og at dette er nyttig for alle</b> | Krav om at alle klinikkar prioriterer denne type arbeid synleggjort gjennom dokumenterte forskings- og kvalitetssikringsprosjekt  | Klinikk                                |
|   | Forskningsaktivitet skal vere kvalitetsindikator for den enkelte avdeling   | Klinikk                                |
|   | Målsetjing om ph.d/mastergrader ved alle avdelingar og at talet på dette skal auke gradvis  | Klinikk<br>UH                          |
|   | Avdelingsleiing må ha ein aktiv holdning til bacheloroppgåver, mastergrader og kvalitetssikringsprosjekt og bidra til å finne tema som gir nytte for HMR  | Klinikk<br>UH                          |
|   | Stimulere til auka tal pasientar i kliniske studie mellom anna ved å registrere kliniske studiar på helsenorge.no og ha tilstrekkeleg tilgang på studiesjukepleiar, lab.tenester og legar til å gjennomføre studiar.            | Forskar<br>Klinikk                     |
| <b>Delmål 1b:</b><br><b>Synleggjere forskningsaktivitet og annan vitskapleg aktivitet</b>   | Utarbeide ein plan for korleis ein skal marknadsføre forskningsaktivitetar, forskningsresultat, kvalitetssikringsprosjekt og anna vitskapleg arbeid både internt og i forhold til kommunane, andre samarbeidspartnarar og media | FIUK.<br>Kommunikasjonsavdelinga i HMR |
|   | Oppmøde avdelingane til å presentere resultat frå forsking/kvalitetsarbeid eller undervisning innan forskningsrelaterte tema på fagmøter på sjukehusa   | Klinikk<br>FIUK                        |
|   | Arrangere årlege forskingsdagar, helst saman med andre lokale samarbeidspartnarar (kommune, høgskular, næringsliv) med presentasjon av pågående forsking for tilsette/publikum og invitert kjent foreleser som trekkplaster     | FIUK<br>Forskargrupper                 |
|   | Aktiv politikk for å synleggjere forsking   | Klinikk                                |

|  |   |                              |
|--|---|------------------------------|
|  | og kvalitetssikringsprosjekt  | FIUK                         |
|  | HMR bør vere tilstade på Forskningsdagane, andre regionale og nasjonale liknande tiltak           | Klinikk<br>Forskarar<br>FIUK |
| <b>Delmål 1c:</b><br><b>Rekruttere nye forskarar</b> | Vektlegge interesse/kunnskap om forsking og utviklingsarbeid ved tilsetjing av nye medarbeidarar. | HR<br>FIUK                   |
|  | Erfaring med forsking skal meritterast mellom anna gjennom lønstilllegg for phd                   | HR<br>Klinikk                |

## Mål 2: FORSKING AV HØG KVALITET: auke forskingskompetansen i HMR

|   |  |   |
|---|--|---|
| <b>Delmål 2a:</b><br><b>Auke forskingskompetansen</b>         | Undervisning innan tema relatert til forsking og kvalitetssikringsprosjekt   | FIUK  |
|   | Auka tal amanuensis-stillingar, og det bør vere personar med amanuensisstillingar i alle klinikkar og alle sjukehus                        | FIUK<br>UH  |
|   | Tilstrekkelig med forskings-veiledarar i kvar klinikk  | FIUK  |
|   | Sikre at personell i klinikkane har tid til å delta i undervisning og forskingsaktivitetar , og legge betre til rette for delte stillingar | Klinikk   |
|   | Stimulere tilsette til å gjennomføre kvalitetssikringsprosjekt   | Klinikk   |
|   | Arrangere kurset "Helseforskning - frå idé til prosjektrapotokoll"   | FIUK<br>UH  |
| <b>Delmål 2b:</b><br><b>Betre infrastruktur for forsking</b>  | Hjelpe dei som ynskjer å starte eit forskningsprosjekt men som ikkje har eit nettverk å støtte seg på                                      | FIUK, rettleiar, forskarar, UH  |
|   | Lokal starthjelp for tilsette som vil forske eller gjere kvalitetssikringsprosjekt   | Forskarar, forskargrupper, FIUK   |
|   | Regelmessige samlingar for dei som held på med forsking  | ph.d- kontakt v FIUK, forskargrupper, rettleiar   |
|   | Verktøykasse på intranett med oversikt over tilgjengeleg infrastruktur   | FIUK  |
|   | Optimalisere bruk av IKT til forsking i HMR  | Hemit, Helse Midt Norge - representant med forskingskompetanse                                    |
|   | Like god tilgang til artiklar som NTNU-tilsette  | UH, FIUK  |
|   | Tilgjengeleg infrastruktur ved gjennomføring av kliniske studiar   | FIUK  |
|   | Statistikar i 100% stilling  | FIUK  |
|   | Egna lokale for FoU aktivitet  | HMR   |
|   | God oversikt og oppfølging av forskingsprosjekt som er i gang  | FIUK, lokale rettleiarar, Klinikk   |
|   | System for intern registrering av forskingsaktivitet samt lagring av forskingsdata og humant biologisk materiale                           | Klinikksjefar er ansvarlig for at internkontroll fungerer. Hjelp av FIUK for etablering av system |
| <b>Delmål 2c:</b><br><b>Stimulere til at tildelte midlar/</b> | Fokus på gjennomføring allereie frå idefasen til eit prosjekt  | FIUK, phD -kontakt hos FIUK, kandidat, rettleiar  |

|   |  |                    |
|---|--|--------------------|
| <b>investeringar blir nyttå best mogleg</b> |  |                    |
|   | Sikre framdrift og gjennomføring ved tidleg og god oppfølging av pågående prosjekt | FIUK, Klinikk      |
|   | Fortløpende registrering av prosjekt og ressursbruk                                | FIUK, Klinikk, løn |

### **Mål 3: FORSKINGSGRUPPER: etablere organiserte forskingsgrupper**

|  |  |                     |
|--|--|---------------------|
|  | Etablere formaliserte forskingsgrupper,                                    | FIUK, forskarar     |
|  | Oppmode til at forskingsgruppe er sett saman på tvers av fag/klinikks/nivå | Leiargruppa<br>FIUK |
|  | Infrastruktur for oppretting og drift av forskagrupper                     | FIUK, forskarar     |

### **Mål 4: SAMARBEID: samarbeide om forsking lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt**

|  |   |  |
|--|---|--|
|  | Auka samarbeid med kommunesektor, UH-sektor, næringsliv og andre helseføretak om forskingsaktivitet | FIUK, kommunane, UH-sektor, næringsliv |
|  | Spesielt om samarbeid med kommunesektor   | FIUK<br>Stab                           |

### **Mål 5: BRUKARMEDVERKAND: auka brukarmedverknad i forskingsprosjekt i HMR**

|  |  |  |
|--|--|--|
|  | Tydeleggjere rolla mellom brukarrepresentant og forskar  | Leiargruppe HMR - Helse Midt Norge                 |
|  | Styrke klinisk forsking i aktivt samarbeid med brukarane   | FIUK<br>Klinikk                                    |
|  | Stimulere til reell brukarmedverknad i forskingsprosjekt og at den er tilstades heilt frå idefasen | FIUK, Forskingsgrupper, rettleiarar, Brukarutvalet |
|  | Samarbeid med relevante brukarorganisasjonar   | Brukarutvalet                                      |
|  | Brukarrepresentant i forskingsutvalet  | Adm.dir  |
|  | Brukarrepresentant skal bidra ved nyttevurdering av prosjektsøknader som søker finansiering i HMR  | Adm.dir  |
|  | Bidra til opplæring av brukarrepresentantar  | FIUK, forskarar                                    |

### **Mål 6: ØKONOMISKE RESSURSAR: tilstrekkeleg tilgang på økonomiske ressursar**

|  |  |  |
|--|--|--|
|  | Forskningsbudsjettet for HMR må svare til ambisjonane i den Regionale strategiplanen for forsking i Helse Midt-Norge                                     | Leiargruppa og Helse Midt Norge                |
|  | Setje av lokale midlar til finansiering av phd-stipend, postdoc prosjekt og andre forskingsprosjekt, inkludert start av forskingsprosjekt (såkornmidlar) | Leiargruppa og Helse Midt Norge                |
|  | Synleggjere ressursbruk og aktivitet med presentasjon av "nøkkeltal" for forsking  | FIUK   |
|  | Stimulere til at forskingsprosjekt også søker ekstern finansiering.  | FIUK, Forskingsgrupper, rettleiarar, forskarar |
|  | Sikre at midlar i avdelingsvise forskningsfond blir brukt hensiktmessig  | Fagdirektør                                    |

# HANDLINGSPLAN INNOVASJON

| Mål og delmål  | Korleis gjer vi det?  | Ansvar                                |
|--|---|---------------------------------------|
| <b>Mål 1: HELSEPLATTFORMEN</b>   |   |                                       |
| <b>Delmål 1a:</b><br><b>HMR HF skal vere klar til å ta i mot og utnytte den nye teknologien og vere i stand til å ta ut gevinstar i form av kvalitet og effektivitet</b> | Etablere opplæringsplan for å auke digitaliseringskompetansen blant tilsette og leiarar. Det krev og førebuing av IKT-infrastruktur i eksisterande bygg | Helseplattformen<br>HR<br>FIUK        |
|  | Opplæringstilbod i leiingsprogram   | Helseplattformen                      |
|  | Opplæringstilbod mot fagdagar for å innovere samhandling internt og ekstern   | Helseplattformen                      |
|  | Bruke Idemottaket aktivt som motor i innovasjonsarbeidet  | FIUK                                  |
|  | Innovative innkjøp gjennom dialog der utstyr og programvare støttar saumlaus integrasjon med Helseplattformen   | Helseplattformen<br>Klinikk drift/eig |
|  | Vere ein aktiv søkjar inn mot prosjektmidlar Helseplattformen lyser ut  | FIUK                                  |
| <b>Delmål 1b:</b><br><b>SNR opnar med Helseplattformen</b>   | Støtte opp under pilotering i gamalt bygg i Molde/Kristiansund  | Helseplattformen                      |
|  | Samarbeid med aktørar innan helselogistikk for å førebu organisasjonen og innovere prosessar  | Helseplattformen                      |
| <b>Delmål 1c:</b><br><b>Alle kommunar, fastlegar og avtalespesialistar som soknar til HMR HF ønske å ta i bruk Helseplattformen</b>                                      | Samarbeide med ALV og Helseinnovasjonssenteret omkring prosjekt som kan auke potensialet til Helseplattformen   | FIUK                                  |
|  | Aktiv deltakar i eksisterande nettverk for å hente ut potensialet som ligg i Helseplattformen   | FIUK                                  |
| <b>Mål 2: KRONISKE OG MULTISJUKE PASIENTAR</b>   |   |                                       |
| <b>Delmål 2a:</b><br><b>Støtte opp om innovative prosjekt for pasientbehandling i kommunar</b>   | Stimulere til nettverksbygging og innovative samhandlingsprosjekt med samhandlingsaktørar   | Stab<br>FIUK<br>Helseinnov.sent       |
|  | Inkludere brukarar i prosjekt med fokus på teneste- og brukardreven innovasjon  | Idemottaket                           |
|  | Støtte opp under innovativ tenesteutvikling   | FIUK                                  |
| <b>Delmål 2b:</b><br><b>Systematisk betring i opplæring av teknologi til kroniske pasientar og auka bruk av fjernovervakning</b>   | Tenesteutvikling innan kommunikasjon og opplæring av brukarar og pårørande  | Stab                                  |
|  | Auka bruk av telemedisin som kommunikasjonsform med pasientar   | Stab                                  |
|  | Auka bruk av teknologidata frå pasientane til betre opplæring og oppfølging   | Stab                                  |
| <b>Delmål 2c:</b><br><b>Utvikle kultur for betre oppfølging og flyt av pasientgrupper</b>  | Idemottaket skal ta i mot og systematisere innovative tilbakemeldingar frå aktørar  | FIUK                                  |
|  | Strukturere data som automatisk kan rapporterast og brukast til kontinuerlig forbetring   | Stab                                  |
|  | Sikre at innovasjon og kontinuerlig forbetring er ein del av leiarutdanninga og fokus i   | HR                                    |

|  |   |                                 |
|--|---|---------------------------------|
|  | utviklingssamtalar.   |                                 |
| <b>Mål 3: SIMULERING</b>   |   |                                 |
| <b>Delmål 3a:</b><br>Etablere ein prosjektorganisasjon som sikrar framdrift i arbeidet med samsimulering       | Auka bruk av simulering for godkjenning og re-opplæring i bruk av teknologi og arbeidsprosessar   | Stab                            |
|  | Klargjere senter for simulering i tilknyting til klinisk forskingspost i samarbeid med akuttklinikken   | Klinikk ak/med Stab             |
|  | Gamification og simulering som e-læring av tilsette og pasientar, samt ved rehabilitering   | Stab                            |
| <b>Delmål 3b:</b><br>Samarbeide med eksterne aktørar kring prosjekt innan simulering i føretaket               | Etablere næringskontakt kring simulering og utvikling av teknologi, for eksempel gjennom innovasjonskontrakter og bruk av kompetansemeklarar                    | Stab                            |
|  | Samarbeid med utdanningsaktørar kring simulering i opplæring av helsearbeidarar   | Stab<br>UH                      |
|  | Søke samarbeid med eksterne for å utvikle AR- og VR-simulering  | FIUK                            |
| <b>Mål 4: SAMHANDLING</b>  |   |                                 |
| <b>Delmål 4a:</b><br>Digital samhandling både internt og eksternt  | Nytte eksisterande samhandlingsnettverk for betre informasjonsflyt og konkrete tiltak og prosjekt   | Stab                            |
|  | Systematisere og ta i bruk tilbakemeldingar frå brukarar gjennom Idemottaket til bruk i innovasjon og kontinuerlig forbetring                                   | FIUK                            |
|  | Utviklingscenter for heimetenester og Helseinnovasjonssenteret som samhandlingspartner rundt velferdsteknolog og Heimesjukehus                                  | Helseinnov.sent<br>FIUK<br>Stab |
| <b>Delmål 4b:</b><br>Heilskapleg behandlingskjede med saumlaus informasjonsflyt                                | Opplæring og utviklingssamtalar med fokus på innovativ samhandling og kontinuerlig forbetring, der for eksempel HR reviderer samtaleguide i utviklingssamtalar. | HR<br>FIUK                      |
|  | Etablere endringsagentar i nettverk og ut mot klinikkkane med fokus på pasientflyt og innovative prosessar  | Stab                            |
|  | Gjenbruk og implementering av gode innovasjonar frå andre sjukehus og delar av helsetenesta   | FIUK                            |
| <b>Delmål 4c:</b><br>Helseplattformen som utgangspunkt for innovativ samhandling                               | Undervisningsopplegg kring Helseplattformen med fokus på muligheter for innovativ samhandling   | Helseplattformen<br>Stab        |
|  | Bruke praksiskonsulentar gjennom forløpet fram til innføring av Helseplattformen  | Stab                            |
| <b>Mål 5: EFFEKTIV RESSURSBRUK</b>   |   |                                 |
| <b>Delmål 5a:</b><br>Innovasjon, kontinuerlig forbetring og nytenking skal vere ein integrert del av kvardagen | Samarbeide med Helseinnovasjonssenteret for pilotering av samhandlingsprosjekt  | Helseinnov.sent<br>FIUK<br>Stab |
|  | Fokus på kontrollfrekvens og alternativ samhandling med kroniske pasientar, støtte opp om innovative prosjekt   | Stab                            |
|  | Tilby opplæring i innovasjon og kontinuerlig  | Stab                            |

|   |   |                       |
|---|---|-----------------------|
|   | forbetring for leiarar og tilsette  |                       |
|   | Breidde Idemottaket innanfor føretaket og deretter mot pasientar, pårørande, samhandlingsaktørar og næringslivet                                    | FIUK                  |
|   | Innovative innkjøp og full digitalisering for å støtte opp om innføringa av Helseplattformen  | Helseplattformen Stab |
| <b>Delmål 5b:</b><br><b>Mobilisere pasientar, pårørande og tilsette som endringsagentar</b> | Nettverk av endringsagentar med spesialopplæring og støtte innan innovasjon og kontinuerlig forbetring  | FIUK<br>Stab          |
|   | Støttefunksjonar i fagavdelinga for innovasjon og kontinuerlig forbetring av tenester med fokus på helseøkonomi, at det skal vere saumlaust og flyt | Stab<br>FIUK          |
|   | Aktiv innovasjonskopiering frå prosjekt i andre helseføretak  | FIUK                  |
|   | e-Helse i opplæring, rehabilitering og oppfølging av pasientar  | Stab                  |

# HANDLINGSPLAN UTDANNING

| Mål og delmål  | Korleis gjer vi det?   | Ansvar   |
|--|--|--|
| <b>Mål 1: PLANLEGG OG REKRUTTERE</b>   |  |  |
| <b>Delmål 1a:</b><br>Alle org. nivå skal ha oversikt over eksisterande kompetanse og kapasitet, samt utdanningsbehovet 1 og 5 år fram i tid. | <p>Kartlegge behov for utdanning og bemanning:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Klinikk/A�deling/Seksjon identifiserer utdanningsbehovet ved årleg revisjon av sine kompetanseplanar, jfr. bruk av RS og kompetanseportalen</li> <li>• Implementere nasjonal bemanningsmodell (tiltak 1.5 i reg. handlingsplan)<sup>72</sup></li> <li>• Oppdatert og oversiktleg læringsportal på intranett med e-læringskurs jfr. tilgang og samhandling</li> </ul>   | Klinikk<br><br>HMN og HMR v.<br>HR<br>Fag. avd.                |
| <b>Delmål 1b:</b><br>HMR har godt omdøme og står fram som ein attraktiv arbeidsplass   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på omdømebygging ved å framheve gode læringsmiljø; Systematisk og operativt</li> <li>• Inkludere studentane og behandle dei som din neste kollega</li> <li>• Delta på utdanningsmesser, karrieredagar, konferansar, etc.</li> </ul>   | Klinikk<br><br>Med støtte frå Fag/HR                           |
| <b>Delmål 1c:</b><br>Sikre rask og kvalitativ introduksjon av nye tilsette   | <p>Etablere gode og forpliktande introduksjonsprogram som er operative og lett tilgjengeleg:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• På føretaksnivå (på internett) <ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Gjennomføre introduksjonsdagar 2-4 gangar i året</li> </ul> </li> <li>• På klinikknivå, avdeling og seksjonsnivå <ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Sjekkar ut kva avdelingar/seksjonar som har gode introduksjonsprogram og brukar desse som mal for vidare utvikling i org. («best practice»)</li> </ul> </li> </ul> | HR/fag<br><br>Klinikk  |
| <b>Delmål 1d:</b><br>Sikre god læring- og kompetanse-overføring  | <p>Sikre og legge til rette for at tilsette får utfordringar som bidreg til styrking og utvikling av erverva kompetanse ved:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Årleg revisjon av kompetanseplanar</li> <li>• Gjennomføre planlagt og relevant utdanning</li> <li>• Utgreie moglegheiter for trainee-stillingar</li> <li>• Etablere ei «fane» for gode læringshistorier knytt til læringsmiljø og kompetanseoverføring på intranett.</li> <li>• Årleg premierung av intern «læringsvinnar»</li> </ul>                                | Klinikk<br>Klinikk<br>Fag/HR<br><br>Fag/klinikk<br><br>Fag /HR |
| <b>Mål 2: UTVIKLE, HOLDE PÅ OG SAMHANDLE:</b>  |  |  |
| <b>Delmål 2a:</b><br>Innfri krav til kompetanse  | Etablere eit årshjul for å sikre at utdanning og kompetanseutvikling er inkludert i all verksemds- og budsjettplanlegging (strategi for utdanning og kompetanseutvikling i HMN 2015-2020) – sjå vedlagt forslag til årshjul <sup>73</sup> .  | Fag/HR<br>Leiargruppa  |
| <b>Delmål 2b:</b>  | Etablere eit utdanningsutval – med brei samansetnad (også  | HR/Fag/Klinikk   |

<sup>72</sup> Handlingsplan for Helse Midt-Norge (2017). Tilgjengeleg: [https://helse-midt.no/Documents/2017/Handlingsplan\\_utdanning\\_og\\_kompetanseutvikling\\_i\\_HMN\\_2017.pdf](https://helse-midt.no/Documents/2017/Handlingsplan_utdanning_og_kompetanseutvikling_i_HMN_2017.pdf)

<sup>73</sup> Strategi for utdanning og kompetanseutvikling i Helse Midt-Norge 2015-2020. Helse Midt-Norge (vedtatt i mars 15). Tilgjengeleg: <https://helse-midt.no/Documents/Strategi/Strategi%20for%20utdanning%20og%20kompetanseutvikling%202015-2020.pdf>

|   |   |  |
|---|---|--|
| <p><b>Sikre og koordinere samarbeid med utdanningssektoren og kommune.</b></p> <p><b>Utvikle og etablere etter- og vidareutdanning i samarbeid med UH-sektoren og kommune</b></p> | <p>frå kommune)</p> <p>Delta på faste møtepunkt mellom UH-sektoren, spesialisthelsetenesta og kommunane for å diskutere framtidig utdanning- og kompetansebehov:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Reg. utdanningsutval</li> <li>• Lokalt samarbeidsorgan (kommune, fylkeskommune, høgskulesektoren, HMR)</li> <li>• Være representerte i studieprogramråd for helsefagutdanningane.</li> <li>• Ta initiativ til at aktuelle lokale utdanningsinstitusjonar etablerer relevante rettleiingskurs for rettleiarar i helsesektoren. Viser til forslag til nasjonale retningslinjer for praksisrettleiarutdanning frå Universitet- og Høgskolerådet med høyring i oktober)</li> <li>• Ytterlegare fokus på vidareutdanning av spesialsjukepleiarar</li> <li>• Samarbeid med høgskolemiljøet om innkjøp og bruk av relevant utstyr, som for eksempel simuleringsverktøy</li> <li>• Felles samarbeidsprosjekt som er finansiert med samarbeidsmidlar, skal være godt kjent i HMR</li> <li>• Samarbeid med UH-sektoren om tverrprofesjonell utdanning for å sikre framtidas behov for samansette tenester.</li> </ul> | HR/Fag<br>HMN<br>Fag<br>Klinikkar<br>Fag<br>Fag/HR<br>Fag/HR<br>Fag/klinikk<br>Fag<br>Fag<br>Fag |
| <p><b>Delmål 2c:</b><br/><b>Skape solide fagmiljø.</b><br/><b>Etablere og synliggjøre gode læringsmiljø som stimulera til fagleg og personleg utvikling</b></p>                   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere ei «fane» for gode læringshistorier knytt til læringsmiljø og kompetanseoverføring på intranettet.</li> <li>• Årleg premierung av intern «læringsvinner»</li> <li>• Målretta funksjonsfordeling</li> <li>• Syte for at det i alle seksjonar har minst ein person som har et definert ansvar for å drive fagutvikling og at dette er beskrive i arbeidsavtalen og sett av tid i turnus.</li> <li>• Etablere gode samarbeidsmiljø basert på fagkompetanse på tvers i føretaket</li> </ul>   | Fag/<br>Kommunikasjon<br>Fag/HR<br>Leiargruppa<br><br>Klinikk<br><br>Leiargruppa                 |
| <p><b>Delmål 2d:</b><br/><b>Sikre at all pasientbehandling er kunnskapsbasert</b></p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• For å sikre kopling til forsking skal alle kliniske avdelingar etterstreve og ha minst ein tilsett med masterkompetanse evt. phd-kompetanse.</li> <li>• Anerkjenne og definere relevant og ønska vidareutdanning og masterløp, mot. oppgåver, ansvar og vilkår, jf. Kompetanseplan.</li> </ul>   | Fag/klinikk<br><br>Klinikk   |
| <p><b>Delmål 2e:</b><br/><b>Sikre at leiarane forstår tydinga av å jobbe kunnskapsbasert</b></p>  | <p>Sikre fag- og org. utvikling ved leiaropplæring på alle nivå</p> <p>Følgje opp og implementere pågående regionale tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Identifisere kostnadar knytt til praksisopplæring av studentar.</li> <li>Kostnadsutrekninga skal brukast i budsjettplanlegging (tiltak 2.2 i reg. handlingsplan).</li> <li>• Utvikle og implementere eit system for å få oversikt over total ressursbruk knytt til kompetanseutvikling og utdanning og rettleiing av studentar (tiltak 2.3 Reg. handlingsplan)<sup>74</sup></li> </ul>  | Fag/HR<br><br>HMN/<br>Fag/Økonomi  |

<sup>74</sup> Handlingsplan for Helse Midt-Norge (2017). Tilgjengeleg: [https://helse-midt.no/Documents/2017/Handlingsplan\\_utdanning\\_og\\_kompetanseutvikling\\_i\\_HMN\\_2017.pdf](https://helse-midt.no/Documents/2017/Handlingsplan_utdanning_og_kompetanseutvikling_i_HMN_2017.pdf)

|   |  |  |
|---|--|--|
| <b>Delmål 2f:</b><br><b>Sikre at tilsette får utfordringar som bidrar til styrking og utvikling av erverva kompetanse</b> | <p>Legge til rette for styrking og utvikling av ervervet kompetanse ved:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Medarbeidarsamtale årleg for alle tilsette</li> <li>• Årleg revisjon av kompetanseplanar</li> <li>• Gjennomføre planlagde og relevante utdanninger</li> </ul> <p>Følgje opp og implementere tiltak som er sett i verk haust 2017 i regionalt handlingsplan for utdanning og kompetanseutvikling:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Proses og system støtte for adm. av praksisstudiar. (tiltak 1.0 i reg. handlingsplan)</li> <li>• Kvalitet og relevans i praksisstudiet (tiltak 1.1 i reg. handlingsplan) <ul style="list-style-type: none"> <li>○ -modell for kombinerte stillingar</li> <li>○ -styrke rettleiingskompetanse</li> <li>○ -praksisførebuande tiltak (samarbeidsmidlar reg. og lokalt)</li> </ul> </li> </ul> <p>Revidere mål og tiltak for fagopplæring og styrke satsing på lærlingar (tiltak 1.2 i reg. handlingsplan)</p> | Næraste leiar<br>Klinikk<br>Klinikk<br><br>Fag/økonomi<br>Fag<br><br>HMN |
| <b>Delmål 2g:</b><br><b>Utvikle eit godt arbeidsmiljø</b>   | <p>Kontinuerleg fokus på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Involvere tilsette seksjonsvis i oppfølging av arbeidsmiljøundersøkinga</li> <li>• Utviklingssamtaler som verktøy i for å identifisere karrierevegar og muligheter for vidareutdanning, jfr. kompetanseportalen</li> <li>• Identifisere fagområder der jobbgliding kan vere eit tiltak for å effektivisere behandlingstilbodet.</li> <li>• Hospiteringsordningar både interne i føretaket og til kommunane</li> <li>• Livsfasepolitikk</li> </ul>   | Klinikk<br>Klinikk<br>Fag<br>Fag<br>HR                                   |

# HANDLINGSPLAN KOMPETANSE

| Mål                                      | Delmål  | Korleis gjer vi det?   | Ansvar       |
|--|---|--|--------------|
| Synleggjere leiaransvaret                | «Vi har synlige og ansvarlige ledere som arbeider mot felles mål»   | OU delprosjekt 4: Plattform for leiing Kven, kva og korleis tenker vi leiing i HMR HF  | Stab Klinikk |
| Kvalitet i utdanning og intern opplæring | Auka fokus på pedagogisk kvalitet, struktur og dokumentasjon  | Konseptutvikling, utvikling av læringsaktivitetar, læringsløp og dokumentasjon.  | Stab Klinikk |
|  | Synleggjere muligheter for utvikling og utdanning   | Bruke Læringsportalen (LP) i marknadsføring av faglege møteplassar   | Stab Klinikk |
|  | Systematisk arbeid kompetanse-utvikling   | Kartlegging av behov for kompetanse-utvikling  | Stab Klinikk |
|  | Det finst sentrale opplæringsplanar med kompetansekrav for alle generative fag-/IT område                     | Bruke mal(EQS) for sentrale opplæringsplanar.  | Stab Klinikk |
|  | Implementere ny struktur for LiS 1 og LiS 2/3 og arbeide for å sikre god utdanning av legar i spesialisering. | Operativ arbeidsgruppe<br>Arbeidsgruppe LiS 1<br>Arbeidsgruppe LiS 2/3   | Stab Klinikk |
|  | Alle som er involvert i utdanningsløpet for LiS 1 kan å bruke KP  | Leiarar, veiledere, supervisørar og LiS 1 får opplæring i bruk av Kompetanseportalen (KP)  | Stab Klinikk |
|  | HMR HF sine RegUt representantar samarbeider med RegUt  | RegUt initierer til samarbeid  | Stab Klinikk |
|  | Sikre undervisings-lokalitetar som støttar undervising, ferdighetstrening og simulering.                      | Sikre og utvikle eigna areal ved sjukehusa.  | Stab Klinikk |
| Kompetanse og verksemds-planlegging      | Alle har strategisk kompetanseplan på alle nivå i organisasjonen.   | Årleg oppdatering av strategisk kompetanseplan.<br>Årshjul med gode og transparente fagprosessar.<br>Leiarar som kjenner ansvar for det. | Stab Klinikk |
|  | Verkty/malar vi har må revitaliserast og utviklast.   | Etablere arbeidsgruppe   | Stab Klinikk |
|  | Tilgang på gode styringsdata, samdata og oversikt over kompetanse-beholdning i samtid.                        | Etablere analyseenhet som bistår klinikane med analysar.   | Stab Klinikk |
|  | Tydeleggjering av økonomi   | Strategisk kompetanseplan med  | Stab         |

|   |  |   |                  |
|---|--|---|------------------|
|   | og ressursar, samt prognostiske data for behovet fram i tid basert på prioriterte område pr klinikk.                                       | prioritering 1- 5 år fram i tid.  | Klinikkk         |
|   | Ein har til ei kvar tid oversikt over behovet for spesialsjukepleiarar   | Budsjettering av utdanningsmidlar i samsvar med behovet.  | Stab<br>Klinikkk |
| Kompetanse og organisasjons-utvikling                 | Behalde og utvikle kompetanse  | Synleggjere systematisk arbeid med arbeidsmiljø, utdanning og kompetanseutvikling.  | Stab<br>Klinikkk |
|   | 100% faste stillingar for sjukepleiarar  | Prosjekt med trainèstillingar<br>Studiedagar for sjukepleietenesta - samordning i HFet  | Stab og klinikk  |
|   | Styrkje fokus på formidling og dialog rundt offentlege/nasjonale utgreiingar/ planar   | Utgreie føretaket sitt utfordringsbilete<br>Anbefalingar for operasjonalisering   | Stab<br>Klinikkk |
|   | Vi har faglege standard som styrer kva slags kompetanse som trengs   | Fagleg harmonisering og konsensusarbeid.<br>Kunnskapstranslasjon/kunnskaps- baserte fagprosedyrar.<br>Prøve ut jobbgliding på fleire område.  | Stab<br>Klinikkk |
|   | Vi tek i bruk kunnskap og erfaring vi har for å sikre målretta rekruttering  | Utvikle plan for rekruttering<br>Utvikle malar for intervju og dialog med søkerar<br>Utvikle plan og verktykasse for omdømebygging<br>Konkurransedyktig lønn  | Stab og klinikk  |
|   | Sette fokus på livsfase- og seniorpolitikk   | Utvikle plan og verktykasse for livsfase- og seniorpolitikk, med risikovurdering av erfarings- kompetanse   | Stab<br>Klinikkk |
| Brukarane sin kompetanse                              | Betre tilrettelegging av dialogen med pasientar og brukarar i planlegging og utvikling av behandlings- tilbod og spesialist- helsetenester | Bruke pasientane sin kompetanse, klager og tilbakemeldingar i planlegging av behandlingstilbod<br>Deltaking i kliniske studiar.   | Stab<br>Klinikkk |
| Samhandling om kompetanse- utvikling om kronisk sjuke | Skape møteplasser for kunnskaps-overføring, nettverks-arbeid og bygging, og felles kompetanse- utvikling                                   | Kartelegge behov for felles kompetanse-utvikling når det gjeld kronisk sjuke og multisjuke.<br>Lage planar/årsplanar for faglege møter.<br>Stimulere til faglege nettverk mellom sjukehus og kommunar for helsepersonell. | Stab<br>Klinikkk |